

KOMMUNALT INFORMASJONSMAGASIN FRÅ LUSTER KOMMUNE

LUSTRA

19. årgang

nytt

Nr. 1 • 2014



God sommar!

Ordføraren har ordet

Gode lusteringar og alle dykk som les Lustranytt ute i den «vida verdi»!

Det er utruleg kor fort tida går, me nærma oss fort midtsommar, enno eg tykkjer ikkje det er lenge sidan me hivde ut juletreet. Me har lagt bak oss ein rekordmild og turr vinter, men akkurat nok snø til flotte tilhøve i bakkane på Sogn Skisenter, og snøsikre Leirdalen sikra god sesong for mange langrennsivrige lusteringar med sine flotte løyper. Det er svært gledeleg å sjå at anlegga våre vert mykje brukt, ungar og vaksne har det kjekt og morosamt i lag, og så er det jo bra for helsa og. Om vintern var rekordmild, så vart våren og sommaren rekordtidleg. Det tradisjonsrike påskeskirennet på Veitastrond vart i år gjennomført i joggesko med grønt gras på alle kantar, men det var like morosamt for det. Påska i Turtagrø og på Sognefjellet i år må vel og seiast å vera fantastisk. Med skyfri himmel og langrennsspor av beste kvalitet kunne folk frå heile Sogn boltre seg i flott natur.

Slatten kom også tidleg i gang i år, dei fyrste starta opp alt siste veka i mai, og det vert meldt om tidleg start og gode tilhøve kringom i heile kommunen. Og alt på Lustramarknaden kom Hans Herman med dei fyrste jordbærkorgene. Det er godt mogeleg eg er ugild, men jordbær produsert i Luster kommune, frå Hafslo til Fortun, må vera verdas beste!

Jubileumsåret 2014

I fjor feira me som kjent 50 årsjubileum for Luster kommune, men i år feira me at det er 200 år sidan Noreg fekk eiga grunnlov. Det skjedde på Eidsvoll i 1814 og akkurat i år fyller grunnlova vår 200 år og det vert feira ekstra over heile Noreg.

Ein av dei tre som var utsending til Eidsvoll frå Sogn og Fjordane heitte Lars Johannes Irgens. Han var sorenskrivar og budde i det store kvite huset som ligg ute til høgre ved Solvornstrondi. Lars Johannes Irgens er for Solvorn best kjend som den første sorenskrivaren i bygda, og som den som fekk bygd sorenskrivargarden med det spesielle namnet Christianeslyst – oppattkalla etter kona Christiane Louise Smith som hadde fått overtala mannen sin til å flytta frå dåverande sorenskrivargarden på Loftesnes i Sogndal og til Solvorn - som i fylgje Christiane var ein meir sentral stad. Derav også namnet Christianeslyst.

I samband med grunnlovsfeiringa vart alle landet ordførarar invitert til flott markering i hovudstaden, med omvising i Stortinget der me mellom



To gode naboar under Grunnlovsjubileet i Oslo i vår, lustraordførar Ivar Kvalen og sogndalsordførar Jarle Aarvoll. Lustraordføraren ynskjer at dei skal vere like gode naboar under 250-årsjubileet.

anna fekk sjå det originale grunnlovsdokumentet frå 1814, Det er svært sjeldan det vert synt fram. Om kvelden var det ein flott mottaking i Oslo rådhus med Kongefamilien og Regjeringa til stades. Neste dag var det grunnlovsmarkering i Stortinget der Stortingspresidenten heldt ein svært flott tale. Etterpå marsjerte alle dei 429 ordførarane til mottaking på Slottet der Kongefamilien handhelsa på alle. Dette var ei svært flott oppleving og gjorde eit sterkt inntrykk på ein bygdagut - eit minne eg vil ha for resten av livet.

Kongen heldt ein fin tale til oss inne på Slottet og spørte med at «*jeg måtte invitere dere nå mens det ennå er igjen noen ordførere i dette landet*». Alle lo sjølvsgåt, men mange av oss lo litt lågare enn andre. Kva Kongen meiner om kommunereforma, skal eg ikkje ha sagt, han held seg nok klokeleg nøyral, men det kan ikkje eg eller resten av kommune-Noreg gjere. Regjeringa med Statsråd Sanner i spissen køyrer tøft løp framover, og har som mål å få vedtak om kommunenesamslåinga i Stortinget alt denne perioden. Kommune-Noreg vert av regjeringa invitert til det meste med flotte ord som «*å ta initiativ, vere innovative, nytenkjande, ha ei hand på rattet, sitte i førarsete, skape robuste einingar*» og mykje meir. Eg meiner klårt at me byrjar i gale enden. Regjering og Storting må

Rådmannen har ordet

Kommune-reform

Kommune-Noreg er på veg inn i ein stor debatt om kommunesamanslåing.

Kor stor sak det vert i Sogn står att å sjå.


I 2013 markerte me i Luster 50-årsjubileum for Luster kommune. I sist kommunereform som vart avslutta i 1963-64 vart Hafslo, Jostedal og Luster samla til ein kommune. Etter dette har det vore ein del samanslåingar basert på lokale frivillige initiativ og fleirtal i lokale folkeavrøystingar.

fyrst bestemme seg for kva oppgåver ein tenkjer kommunane skal løyse, for så å invitere til korleis desse best kan løysast. Skal kommunane til dømes overta ansvaret for vidaregåande opplæring? Overta alle fylkesvegane og kollektiv transport som ferje og buss? Skal sjukehus, helse og psykiatri og forvaltningsoppgåver som i dag ligg til fylkesmannen og fylkeskommunen over på kommunane? Svært mange spørsmål må svarast på fyrst. Det einaste handfaste me har fått til no er at me må vere minst 15000 innbyggjarar i ein kommune for å vere «robuste» og «lukkelege». Dei fleste undersøkingane syner faktum det stikk motsette: Små kommunar levere svært gode tenester, og innbyggjarar er generelt meir nøgd med tenestene i små kommunar enn i dei store bykommunane.

Eg som ordførar skal sjølv sagt vere med i dei prosessar som pågår til det beste for Luster kommune og alle oss lusteringar, men noko frivillig samanslåing på det grunnlaget me har no: Aldri i livet!

«Reformtoget» rullar no fort framover, kanskje nokon snart må dra i naudbremsen?

God sommar til alle!



ordførar



Etter regjeringsskifte hausten 2013 er kommunereform sentralt i den nye regjeringa si plattform. Regjeringa vil ha større og meir robuste kommunar. Dei har sett seg slike mål for reforma;

- Gode og likeverdige tenester til innbyggjarane ved større kommunar med betre kapasitet og kompetanse.

- Heilskapleg og samordna samfunnsutvikling der det er ynskjeleg at kommunegrenser i større grad er tilpassa naturlege bu- og arbeidsmarknadsregionar.

- Bærekraftige og økonomisk robuste kommunar med større ressursgrunnlag og meir effektiv ressursbruk.

- Styrka lokaldemokrati og fleire oppgåver med auka lokalt sjølvstyre, redusert behov for interkommunale løysingar og mindre statleg detaljstyring.

Det vert lagt opp til at regionale prosessar i kvart fylke skal starte hausten 2014, og det er fylkesmannen som har ansvaret for å starte opp arbeidet. KS (Kommunesektorens organisasjon), regionråda, kommunane og andre kompetansemiljø skal koplast på arbeidet.

Det vil bli laga standardiserte faktaoppsett om samanslåing. Desse vil ta utgangspunkt i kriteria som er utarbeida av eit ekspertutval og anna relevant informasjon. Faktaoppsettet skal kunna supplerast ut frå lokale og regionale behov.

Spørjeundersøkingar skal utviklast som eit alternativ til folkeavrøystingar, og innbyggjarane skal høyrast.

Det vert lagt opp til relativt kraftige økonomiske verkemiddel samanlikna med dei som gjeld i dag. Både prosessen og samanslåinga vert understøtta med økonomiske verkemiddel. Eingongskostnader ved samanslåinga skal dekkast etter ein standardisert modell der utteljingga aukar etter tal kommunar og tal innbyggjarar som er involvert. Kommunar som slær seg saman vil kunne få reformstøtte for å letta overgangen til ny kommune, støtte vil gå til alle kommunar som etter samanslåinga har meir enn 10 000 innbyggjarar, med minstebeløp på 5 million kroner per samanslåing. Det vil og vere slik at dagens inndelingstilskot vert vidareført.. Med dagens inndelingstilskot får den nye kommunen behalde tilskot som om den fortsatt var to (eller fleire) kommunar i 15 år etter samanslåinga, før nedtrapping over 5 år.

Dei regionale prosessane i regi av fylkesmennene startar hausten 2014 og skal gå til utgangen av 2016. Det skal og leggjast fram ein melding til Stortinget våren 2015 med forslag til nye oppgåver til robuste kommunar. Det vil vere to ulike løp i reformperioden.

Kongen i statsråd har mynde til å vedta samanslåing der kommunane er einige. For kommunar som gjer kommunestyrevedtak i løpet av hausten 2015, vil departementet leggje til rette for at samanslåinga skal kunne vedtakast på nasjonalt nivå i løpet av våren 2016. Desse kommunane vil vere samanslegne frå 1. januar 2018.

For resterande kommunar vil regjeringa fremja ein samla proposisjon til Stortinget om ny kommunestruktur våren 2017. Kommunale vedtak fatta hausten 2015, men som ikkje vert følt opp av kongelig resolusjon våren 2016, vil og bli inkludert i proposisjonen. I dette arbeidet vil det bli lagt til grunn at enkeltkommunar ikkje skal kunne stoppa endringar som er ynskt og hensiktsmessige ut frå regionale og nasjonale omsyn. I proposisjonen vil det dermed kunne bli lagt opp til samanslåing av kommunar i motstrid til lokale vedtak. Reform og iverksetjing tek ein siktet på er på plass seinast 1. januar 2020.

Så langt har det vore veldig stort fokus på folketal i reforma. Eit ekspertutval har lagt vurderingar om at ein kommune som skal løyse eksisterande oppgåver på ein god måte bør ha 15.000 innbyggjarar. Ein ser då ikkje på større interkommunale samarbeid som

eit godt alternativ til å løyse meir spesialiserte oppgåver. I førearbeida til reforma vert det peika på at avstandar kan vere eit kriterium som tilseier at ein ikkje ynskjer eller finn det hensiktsmessig å slå kommunar saman.

Det som er omtalt ovanfor er regjeringa sitt framlegg, men sjølv om ikkje oppleget og detaljar er forankra i Stortinget så er det openbart at det vil bli ein omfattande drøfting av kommunestruktur i tida framover. Det nye i den prosessen som kjem no, i høve tidlegare, har kraftigare økonomiske verkemiddel med bruk av «gulrot og deretter pisk» om ein ikkje vil.

Avstandar og geografi vil nok òg verte eit tema i den lokale debatten i Sogn og Luster. Utover dette har den lokale prosessen som utgangspunkt politiske synspunkt om at kommunesamanslåing ikkje er serleg aktuelt for Luster.

Dette er absolutt eit område for den politiske banehalvdelen – innlegget her er ei orientering om grunnlaget for den nasjonale prosessen som no vert sett i gang.



Jarle Skartun
rådmann

*Les meir om
kommunereforma
på nettsida til
Regjeringen.no.*

Om kommunereformen
Milepæler
Prosess
> Prosessevirksidier
> Økonomiske virksidier
> Øvrige tiltak
> FAQ - spørsmål og svar
Ekspertutvalget
> Referansegruppe
> Delrapport
Historikk
> Tidslinje
> Tidligere sammenslåinger
Våre naboland
Relevant forskning

Kommunereform -Robuste kommuner for fremtiden



SISTE NYTT OM KOMMUNEREFORM I MEDIA
Melhus kan få 35.000 innbyggjarar (19.06.2014 13:51)
Ny russisk-slyt knoppørging ved grensa til Ukraina (19.06.2014 13:16)
Pokiet snart ferdige med Northugnetferdselsa (19.06.2014 13:00)
KRF svaret neid med eigen posisjon (19.06.2014 12:57)
Klart for kommunesamordning (19.06.2014 12:47)
...mehr seiter
Tilbake

Digital Etikett årets bedrift

- I år 2014 går prisen til ei relativt ung bedrift. Verksemda har hatt ei spennande utvikling i dei sju åra ho har eksistert. Årets bedrift 2014 er Digital Etikett AS, og eg vil be dagleg leiari Kjetil Hovland om å komme fram, sa ordførar Ivar Kvalen då han delte ut prisen under Lustramarknaden.

Og ordføraren held fram: - Kvifor har så Digital Etikett fått denne utmerkinga? Kjetil Hovland starta med å utarbeide forretningsplanen i 2006, han og familien budde då i Oslo. I 2007 sa han opp jobben, selde hus og bil og starta Digital Etikett. Han nytta det han tente på hus-salet som eigenkapital i den nye verksemda. Fyrste tida produserte han etikettane i Sverige, men i 2008 var produksjon i gang i lokale leigd hjå Luster energiverk. I fyrste driftsår, i 2007, var omsetninga 200.000 kroner og investeringane sju millionar. Kjetil seier at «*mange mente det var galskap*».

Så rulla ballen raskt, behovet for leigeareal vart dobla. Forretningsideen har heile tida vore «produksjon og sal av etikettar til produktmerking». Produksjonen skjer digitalt. Kundelista er etter kvart vorten lang. Lokale kundar er til dømes Lerum og Ægir. Digital Etikett produserer etikettar til heile mikrobryggeribransjen, mykje til helsekost som Omega 3 og C-vitamin. Andre område er næringsmiddel og produkt innan kjemi og måling.

Digital Etikett har investert i og vore med å utvikla teknologi. Dei er internasjonalt leiande innafor digital produktmerking. Digital Etikett vert også lagt merke til utafor Luster kommune. Bedrifta har fått



«gründerprisen» i Sogn og Fjordane. Dei har og fått Gaselleprisen i tre år på rad. Det er ein pris Dagens Næringsliv gjev til verksemder med rask vekst og positive resultat.

Det er no sju tilsette ved verksemda og Kjetil er godt nøgd med rekrutteringa av tilsette. Omsetjinga har vakse frå 200.000 kroner i fyrste driftsår til 16 millionar kroner i 2013. Overskotet i 2013 var 3 millionar kroner.

Det vert no arbeidd med eit nytt spennande prosjekt; digitalt trykk på emballasje til næringsmiddel. Dette kan bli eit nytt stort vekstområde.

I desse dagar er Digital Etikett sitt nye næringsbygg godt synleg på Gaupnegrandane. Fabrikken

skal vere klar 1. oktober, og vil gje Digital Etikett meir rom til effektiv produksjon og plass å vekse på.

Næringsutvalet seier fylgjande i grunngjevinga si:

- Digital Etikett er ei verksemd som har utvikla seg ved bruk av ny teknologi. Store investeringar i utvikling av digital teknologi gjev fleksibel produksjon og høg kvalitet på produkta.

- Digital Etikett har hatt ein rask vekst, men og hatt evna til å tene pengar samstundes.

- Digital Etikett si utvikling syner kor viktig gründaren sine eigenskapar er for å utvikle næring

Til lukke med prisen som årets bedrift!



Kongen sin fortенestemedalje til *Anders Fortun*

Anders Fortun fekk utdelt Kongens fortенestemedalje under Kulturdagane på Skjolden 31. mai. Her er talen ordførar Ivar Kvalen heldt ved overrekkinga:

Godt folk, bygdafolk og tilreisande!

Ved eit slikt høve som dette, med ei flott programmessig ramme og med bygdefolk og frivillige medarbeidarar samla til ei årleg kulturell feststund som strekkjer seg over ei heil helg, er det - gode lusteringar, ei glede og ære å få vera nettopp her i dag. Eg har naturlegvis fått med meg at nettopp her i Skjolden har grunnlaget for å ta eit tak for fellesskapet, arbeide for og med det me kan kalla

«lokalsamfunnet» - og for at den oppveksande generasjonen skal kjenna seg vel tilpassa og trivast, hatt og har framleis ein sentral plass i innbyggjarane sitt medvit.

Nokon av dei mange som har «slite» og «jobba» blir truleg heller ikkje spesielt takka for det dei har medverka til, men mest fordi det vert rekna for å vera naturleg og som de sikkert har tenkt mang ein gong: «da skulle no berra mangla». Nettopp denne underliggjande viljen og krafta som kjem til overflata her i Skjolden får også storsamfunnet til å reagere – ja, til og med applaudere! Eg har lenge opplevd dette lokalsamfunnet som særleg

positivt og kreativt i forhold til å skape noko for mange. Enkelt personar vert også lagt spesielt godt merke til nettopp fordi dei ikkje er «hælsparkarar» men oppfinnsomme og framsynte og dyktige nyskapande og lagspelarar.

Og ein av desse vil nettopp på grunn av sitt engasjement og «stå-på-vilje» bli takka og heidra...

«Å vera aktiv er berre positivt», skal han ha sagt ein gong, og «alder er berre eit tal som endrar seg ein gong i året»... Denne aktive pensjonisten har fleire dugnadstimar for veka enn folk flest har arbeidstid. Og han legg si ære i å utføra sine oppgåver betre enn nokon

Anna Åsen 100 år

Anna Åsen frå Luster bur på Gaupne omsorgssenter og feira 100-årsdag den 21. januar som det seg hør og bør med ordførar og kake. Seinare på ettermiddagen var det feiring med slekt og vener. Anna er serdeles oppegåande og klar og med mange gode replikkar.

Foto: Erling Kvalsøren.



andre. Ei slik innstilling og vilje til løfta kvaliteten på eigen innsats vert sjølv sagt også lagt merke til i vide krinsar, ja, i dette tilfelle også internasjonalt. Det vil sjølv sagt føra for langt å gå i detaljar på alle dei enkeltståande tiltak, arrangement og prosjekt som vedkomande har vore involvert i. Eg nøyser meg difor med å nemna at i dei siste 40 åra, der me har samla fakta til ein sokalla dokumentasjon, har vedkomande figurert som alt frå vald organisatorisk leiar til trenar (og då særleg innan greina langrenn) og som dugnadsansvarleg og løypekøyrar. Kanskje særleg som trenar i langrenn har vedkomande vorte nemnd, ikkje berre som den som tok den høgste utdanninga ein kan ta her i landet, men som den trenaren som hadde eit ansvar

for å bringa Ellen Johanne Lunde til 2. plass i VM-stafett for juniorar, og Aud Hellenes til 6. plass i NM for å nemna nokre.

Som løpsleiar for Fanaråkløpet i 2003, som den gongen var eit gateløp på 7 km mellom Skjolden og Fortun, har vedkomande i lag med ei lokal kjernegruppe makta å gjera Fanaråken Duatlon som gjekk frå Skjolden til Fanaråken til det som dei fleste i dag kjenner best som motbakkeløpet Fanaråken Opp.

Særleg etter at vedkomande vart pensjonist har det aldri vore problem med å kontakta han når det har vore trond for dugnadshjelp. I denne samanheng må nemnast det store frivillige arbeidet han har lagt ned med å opparbeida langrennsløyper og arrangere skirenn først i eige idrettslag her

i Fanaråk sitt område, og seinare på Sogn Skisenter på Hafslo. Vedkomande person har vorte heidra med kommunen sin kulturpris. Den prisen vart også tildelt med den forhåpninga at det markerte starten på noko og ikkje det motsette – altså at noko av bakgrunnen for å få den prisen var at vedkomande skulle halda fram dei gode gjerningane som var grunnen for den nominasjonen.

Og eg trur det er slik me vil for alltid hugsa deg, som den «stå-på-personen» som gjennom grundig og sikker oppfylgjing av eit arbeid som alltid har enda eit utprega årleg og samvitsfullt resultat.

Og det er med desse orda eg no kan meddela at H.M. Kongen har tildelt fortjenestemedaljen til Anders Fortun.



Kulturprisen 2013 til Kjell Einar Ormberg

Prisvinnaren kan med rette kallast ein allsidig og sprudlande kulturformidlar, og som ved sin veremåte skapar god stemning og humør ved sitt nærvær.

Ordførar Ivar Kvalen:

Først ein kort introduksjon til kva som er bakgrunnen for den kommunale kulturprisen..

Luster kommune brukar kulturpris og kulturstipend for å gje betre vilkår for kulturarbeidrar i kommunen, og for å vera til inspirasjon for alle som driv aktivt kulturarbeid. Kulturprisen skal særleg vera ein honnør for oppofrande kulturarbeid.

Kulturprisen skal ikkje reknast som tilskot til planlagde oppgåver, men som ei påskjønning. Kulturprisen kan delast ut til einskildpersonar, organisasjonar eller institusjonar som har utmerka seg i særleg positiv kulturell samanheng.

Kulturprisen vil bli delt ut kvart år, så sant det finst høvelege kandidatar.

I nominasjonen til årets kulturpris heiter det m.a.:

Kandidaten som i år skal ta i mot kommunen sin kulturpris har vore ein aktiv kulturarbeidar på meir enn eitt felt. Mange har møtt kandidaten gjennom ulike arrangement der musikk og song har prega repertoaret.

For allereie som 8-åring stod kandidaten vår på ei scene og spelte for eit lydhørt publikum. Med tradisjonsmusikk og eit inspirerande miljø heime og i nærmiljøet varte det berre nokre få år før det vart studioopptak og formidling over radio i regi av NRK.

Om oss nordmenn vert det av og til sagt at me er fødde med ski på føtene.... Men om kandidaten ikkje akkurat løyste spelet sitt frå navlestrenge

så vel me å tru at interessa for musikk mest sannsynleg var medfødt, og at val av instrument vart like naturleg eit familieanliggande. I alle fall vart kandidaten vår med som artist på Toradarkappleiken i Vågå i 1986 og kapra 1. plassen i sin klasse, og året etter på under Vestlandskappleiken på Voss vart det 2. premie. Dette gjorde det også aktuelt å stille på Landsfestivalen i Gamaldans på Fagernes i 1988 der det også vart heiderleg plassering i ein hard konkurranse.

Var trekkspellet favoritten i frå starten har toradaren teke meir og meir over – og er vel kanskje favoritt instrumentet i dag.

Etter kvart som musikaren fekk utvikla seg kom også interessa for songtradisjonar som stev og kveding. Og i dag er vel dette for mange også eit kjenneteikn på kandidaten.

Inspirasjonen har røter i

Symjegruppa

Helga 31. mai - 1. april var første gongen at lustringar, i alle fall i nyare tid, stilte på symjestemne. "Førdesprinten" var arrangementet.

Ungane deltok på minisprinten og sørmede 25 m, 50 m, 100 m bryst og deltok på stafett, der 4 av dei sørmede 50 meter kvar.

Symjegruppa til il Bjørn og trenarane er stolte over dykk som viste pågangsmot, god lagånd og upåklagelege resultat. Dei konkurrerte mot symjarar frå Sogndal, Førde, Bergen, Volda, Ålesund, Eid og endå fleire.

Takk til Førde il for vennskapleg mottaking og profesjonell gjennomføring av stemnet.

Måtte det bli fleire slike stemne på dykk og andre som deltek på symjekursa i Lustrabadet, er ynskjet frå Orsi Szechey i symjegruppa til il Bjørn.



Sitjande bak: Kolbein Bukve, Mia Sætherbø, Idun Schmidt, Tjalfe Schmidt. På golvet: Rozalia Kun og Boldizsar Kun

norsk folkemusikk-tradisjon både i sjangeren til gruppa Tiriltunga, men også i dei lokale informantane som kunne både syngja gamle viser og fortelja om bakgrunnen. Kandidaten har ikkje gått i lære, men har sett eit sterkt personleg preg på framføringa.

Historiane bakom fortel han meir enn gjerne, og sjølv påstår han at stoffet har krav på å bli framført for å bli kjent – og helst brukt i dei lag i han opptrer i. Kandidaten har delteke i Fylkeskappleiken, og vann klassen Kveding. Samtidig fekk han 2. plass i klassen gamaldans med gruppa Skjolden Danseorkester.

Kulturpriskandidaten likar å opptre og spelar som kjent på mange strenger i so måte. Arrangørar både i og utanfor kommunen har fått oppleva talentet som bur i denne kandidaten. Og for kandidaten

vart det også ei stor oppleveling å bli engasjert i ein fylkesturne i regi av Folkeakademiet. Dette skapte også nye arena både med skuleklassar og ulike publikumsgruppe i heile Sogn og Fjordane.

Kandidaten har også vorte knytta til prosjektarbeidet med tradisjonsberarar i landbruket som no har munna ut i eit undervisningsopplegg for grunnskular og barnehagar. Nettopp Mørkridsdalen er vorte sentralt i dette prosjektet takka vera kandidaten som både representerte kunnskapen og tradisjonsdelen.

Eitt av resultata er filmen frå Naturhushald til Nasjonalpark, regissert av Bjørn Bergum og finansiert med midlar frå Kulturdagane i Skjolden.

Lærermiddelmateriell er no også tilgjengeleg etter at Statens Naturoppsyn (SNO) oppdagda at det her var gjort eit grundig

førearbeit som dei no kunne gjera seg nytte av i sitt arbeid overfor skular og barnehagar i heile landet.

Denne unike kunnskapen om gardsdrift på «gamlemåten» fekk kandidaten vår overført gjennom aktivt arbeid frå besteforeldra som dreiv småbruket sitt i Dalsdalen på dette viset fram til 1980.

Kandidaten kan med rette kallast ein allsidig og sprudlande kulturformidlar, og som ved sin væremåte skapar god stemning og humør ved sitt nærvær. Og me er heller ikkje i tvil om at vedkomande er til inspirasjon for dei som får oppleva å vera i lag med han.

Med grunnlag i denne nominasjonen har Luster kommune vedteke at KULTURPRISEN for 2013 skal tildelast: Kjell Einar Ormberg.

Heider til verdsmeisteren

Tidleg i februar heidra Luster kommune verdsmeisteren i parallellemark for junior, Sarah Fiskaa Haugen frå Gaupne. Varaordførar Geir Arve Sandvik overrekte blomar og ein gåvesjekk på 5.000 kroner frå kommunen.

– Det er klart kommunen set pris på slike prestasjonar, og me ynskjer å påskjøna ungdom som får det til, seier varaordføraren. Sandvik er nabo med telemarktalentet, og har følgt ho frå ho var lita.

Sandvik trekkjer fram at Sarah Fiskaa Haugen er eit førebilete for andre unge i Luster.

Sarah Fiskaa Haugen har hatt ein strålende sesong der ho i tillegg til gull og bronse i junior-VM, tok ein 4. plass i sprint i verdscupavslutninga.



Frå venstre: Ordførar Ivar Kvalen, songtalentet Einar Bolstad, rektor i Sogn Kulturskule, Roar Sandnes og Bjørn Gisle Seter, distriktsmusikar og songpedagogen til Einar.

Draumestipend til Einar Bolstad

Under ein konsert i den nye salen i kulturhuset i Sogndal – Blaoboxen – 10. juni i år fekk Einar Bolstad overrekt Draumestipendet 2014. Ordførar Ivar Kvalen overrekte diplomet, medan rektor i Sogn kulturskule, Roar Sandnes, gav han sjekken på 10.000 kroner.

Draumestipendet er eit samarbeidsprosjekt mellom Norsk kulturskuleråd og Norsk Tipping. Gjennom denne stipendutdelinga ynskjer dei å synleggjere

kommunen sitt arbeid for barn og unge. Håpet er at Draumestipendet skal vere ein verdfull inspirasjon og eit viktig bidrag til å oppfylle mange unge kulturutøvarar sine draumar.

Draumestipendet består av 100 stipend à 10 000 kroner - til saman ein million kroner. I Sogn og Fjordane var det 3 ungdommar som fekk stipend i år, to av desse frå Sogn.



Målprisen 2014 til Breheimssenteret

- Luster mållag har i dag gleda av å dele ut Målprisen for elevte gong, sa leiaren i Luster mållag, Oddmund L. Hoel, då han delte ut prisen for 2014 til Breheimssenteret AS under Lustramarknaden.

- Breheimssenteret får målprisen for den gode og konsekvente bruken av nynorsk sidan senteret opna dørene i Jostedalen i 1993. Med «konsekvent» meiner me ikkje at Breheimssenteret berre brukar nynorsk. På ein vanleg sommardag er eit større tal tungemål i omlaup på Breheimssenteret. Turistar frå alle verds- og landsdelar og sommararbeidaranar i aktivitetsverksemdene frå like mange stader, syter for eit stort språkleg mangfald. Men tekstane som rettar seg mot dei ein kan forvente at skjønar norsk, altså alle frå Norden, inkludert det sentrale Austlandet, er på

nynorsk. Breheimssenteret ser aldri ut til å ha brydd seg det minste om at denne delen av marknaden er meir vant til å få ting på bokmål.

Luster er tjukkaste nynorskland, men sjølv her er det særskilt viktig at me har institusjonar med ei brei kontaktflate utover som tek det for gjeve at alt skal vere på nynorsk. Slik har Breheimssenteret gjennom 21 år synt for alle som skjønar norsk at nynorsken er sjølvstendig i det området av Noreg som senteret er skipa for å informere om.

I tillegg ser me at det Breheimssenteret skriv, er på solid nynorsk. Det er ikkje sjølvstånd. Ein ting er utstillingstekstar og informasjonsmateriell i store opplag som går gjennom fleire runder med kvalitetssikring - her kan

ein vente seg høg språkleg standard. Men det er mykje som skal skrivast gjennom ei veke: oppslag, meldingar, annonsar og facebook-meldingar. Her kan sjølv den beste få lyst til å ta nokre språklege innersvingar i farten, men det har Breheimssenteret aldri hatt for vane.

Kvar einaste dag sidan opninga i 1993 har Breheimssenteret fortent ein målpris, og no får de han. Og den mannen som må framhevast for å ha lagt den språklege lista høgt, er dagleg leiar gjennom dei siste 20 åra, Peder Kjærvik.

Prisen er som før eit foto frå fjellheimen vår, teke av Frank Smedegård.

Til lukke med Målprisen 2014!

PERSONALNYTT

Knut Åge Teigen (44) er tilsett som rådgjevar innan oppvekstsektoren i Luster kommune og tek til i stillinga 1. august. Teigen, som er frå Øvre Årdal, kjem frå stillinga som prosjektleiar og produsent i Snöball Film, eit produksjonsselskap i Oslo som lagar informasjonsfilm og filmbaserte læremiddel. Tidlegare har Teigen arbeidd som forlagsredaktør i læremiddelforlaget GAN Aschehoug, og han har vore nynorskpraktikant ved Nynorsk Mediesenter i Førde. Skulerøynsla si har Teigen frå Ringstabekk ungdomsskole i Bærum der han var lærar i nærmere åtte år.



Kjell Ertesvåg er tilsett som ny rektor ved Hafslo barne- og ungdomsskule. Han er busett på Kaupanger og kjem frå stillinga som rektor/styrar ved Solvorn oppvekstsenter.



Ida Johanne Ulvik (29) er tilsett i vikariat som undervisningsinspektør ved Hafslo barne- og ungdomskule. Ho er busett i Sogndal.




Ida Johanne er adjunkt med opprykk og arbeider i dag som kontaktlærer ved Hyllestad barne- og ungdomskule. Trass sin unge alder har ho ein svært variert og allsidig bakgrunn frå det frivillige, private og offentlege, m.a. med skulefaring frå Kaupanger skule.

Grete Marie Skårhaug Solvi, Hafslo, er 46 år og nyleg tilsett i eit vikariat som rektor/styrar ved Solvorn oppvekstsenter. Grete Marie er adjunkt med tillegg. Ho fortel at ho starta som førskulelærar i Solvorn barnehage i -94, då den vart heildagsbarnehage. - Etter det tok eg vidare utdanning (PAPS 1 og 2), og i -97 fekk eg jobb ved Solvorn skule. Seinare har det vorte etterutdanning, spesialpedagogikk og naturfag. Eg likar meg godt ved Solvorn oppvekstsenter, og eg ser fram til nye utfordringar!



Anne Merethe Kvalsøren (33) er tilsett som ny rektor/styrar ved Luster oppvekstsenter. Ho er frå Kaupanger, men reknar seg som lustring og har sjølv budd her sidan 2005. I Gaupne bur ho saman med Frode og 4 born.



Anne Merethe er utdanna førskulelærar med fordjuping i organisasjon og leiing. Ho har arbeidd i barnehagar og i grunnskulen i Luster kommune, og har dei to siste åra teke vidareutdanning matematikk og grunnleggjande lese- og skriveopplæring. Anne Merethe har hatt- og har mange leiarverv, og er særstakt motivert for å vere leiar.

Brukundersøking barnehage 2014

Svarprosenten i årets brukundersøking barnehage vart på berre 54 %. Nedgangen er ein trend me har sett dei siste åra.

Historikk på svarprosent ved brukundersøking barnehage syner:

2014 – 54%

2012 – 67%

2010 – 69%

2008 – 70%

Resultat alle barnehagane:

Svarprosent 54%, (147 av 272). 66 kommunar er med i landssnittet.

Dimensjon	Snitt Luster 2014	Snitt Luster 2012	Snitt Luster 2010	Snitt Luster 2008	Snitt Norge 2014	Høgaste kommune 2014	Lågaste kommune 2014
Resultat for brukarane	4,9	4,9	5,1	4,9	5,1	5,5	4,2
Trivsel	5,0	5,0	5,1	5,1	5,2	5,6	4,4
Brukarmedverknad	4,6	4,6	4,7	4,5	4,8	5,4	3,6
Respektfull behandling	5,3	5,2	5,3	5,2	5,4	5,8	3,9
Tilgjenge	4,9	4,9	5,1	4,9	5,4	5,9	3,5
Informasjon	4,8	4,7	4,7	4,6	4,8	5,5	3,5
Fysisk miljø	4,7	4,7	4,4	4,2	4,7	5,4	3,6
Heilskapsvurdering	5,1	5,0	5,1	5,0	5,2	5,6	4,3
Snitt totalt	4,9	4,9	4,9	4,8	5,1	5,6	3,9

Tabellen syner at resultat for kommunen samla (4,9) er som tidlegare år.

Landssnittet har i perioden auka frå 4,9 i 2008 og 2010, 5,0 i 2012 og til 5,1 i 2014.



Ingvild Midtun Kjos er tilsett i fast 100% stilling i rådmannen sin stab på Økonomi, der ho skal jobbe med lønn. Ho starta i jobben 01.06.14. Ingvild har bachelor frå BI Bergen, og har jobba med lønn i NAV sidan 2006. Ho er oppvaksen i Gaupne, og er no busett på Hafslo.



Inger Marie Evjestad er tilsett i Sogn Regionråd som utviklingsrettleiar for ungdomsskulane i Sogn og har kontor på rådhuset i Gaupne. Inger Marie Evjestad har erfaring med å leia utviklings- og rettleatingsarbeid, og har leiarerfaring som rektor og oppvekstleiar her i kommunen. Ho har sidan hausten 2012 vore tilsett som prosjektleiar for

GNIST for Fylkesmannen.

Utviklingsrettleiaaren kjem til å vera tett på dei 12 ungdomsskulane i regionen. Ho skal tilby støtte og rettleiing til skuleeigarane og skuleleiarane i samsvar med den nasjonale satsinga "ungdomstrinn i utvikling". Stillinga i Sogn er ein av fire stillingar i fylket og ein av 50 i heile landet. Stillinga blir samordna med Sogn regionråd sitt skuleutviklingsprogram.

Kurs for heimehjelparar

11 heimehjelparar i Luster heimeteneste har i vinter gjennomført eit 36 timars kurs på Luster vidaregåande skule på Hafslo. Gjennom kurset har deltakarane vore innom mange ulike tema som til dømes etikk, hygiene, førstehjelp, ernæring og ulike sjukdomsgrupper. Heimehjelparane som har gjennomført kurset vil ha ein heva kompetanse om ulike situasjonar som dei erfarer gjennom sin arbeidsdag. Dette er noko som Luster heimeteneste vil ha god nytte av. Siste kursdagen fekk deltakarane utdelt kursbevis, som ein avslutning for eit flott gjennomført kurs arrangert av Luster Vidaregåande Skule.



Bak frå venstre: Olav Alme, Arpad Kun, Kirsten Kvamsdal, Asbjørg Rebni (kurshaldar) Framme frå venstre: Marit Moen, Mette Partenyi Haugen, Jorunn Gunnes Sie, Marianne Nepstad, Margrete Kvåle Skjerven, Åse Yttri. I tillegg deltok Mary Aasen og Kjersti Ovrid på kurset.

Søkjer om stemmerett for 16 og 17 åringer i 2015

Kommunestyret har søkt om å få delta i nytt forsøk med stemmerett for 16 og 17-åringar ved kommunestyrevalet i 2015. Luster deltok også i forsøk i 2011. Ungdomane frå Luster viste stor oppslutnad kring

valet den gongen, 82%, den høgste valdeltakinga blant alle forsøkskommunane. Det er 20 kommunar som skal få delta i forsøket, der halvparten deltok i forsøket i 2011.

Lustranytt kjem attende med meir informasjon dersom Luster vert utplukka til å delta. 10 klasse ved Hafslo barne- og ungdomsskule og Luster ungdomsskule er 17 år til neste år. Om Luster vert forsøkskommune får desse ungdomane røysterett til kommunestyrevalet. Dei fekk demokratiopplæring og valinformasjon før dei slutta skulen i sommar.



10 klasse ved Hafslo barne- og ungdomsskule er 17 åringer neste år og kan bli utvalde til å delta i forsøk med stemmerett ved kommunestyrevalet.

10 klasse ved Luster ungdomsskule føreburr seg til valet neste år og ventar på avgjerda i Kommunaldepartementet.



Kompetanseheving for assistentar i barnehage

Fylkesmannen har til rette for kompetanseheving for assistentar i barnehage.


Målsetjinga var å auke tal tilsette med barnehagefagleg kompetanse i barnehagane. Luster kommune melde på 18 assistentar frå 6 barnehagar. Tre av dagane var i lag med andre kommunar i Sogn og dei to siste dagane vart gjennomført internt i kommunen.

Fylkesmannen gjorde ein avtale med Kari Pape om gjennomføring av dei tre første dagane. Kari Pape er utdanna førskulelærar, har eiga og drifta sin eigen barnehage i Oslo. Pape har halde ei rekke kurs og foredrag, har gjennomført assistentopplæring mange stader, og har fått særskilt gode tilbakemeldingar. Ho er òg forfattar og har skrive mange bøker om tema innan barnehage. Nokre av tema Pape var innom var omsorg og læring, leik og venskap, sosial kompetanse, vaksenrolla, trygge og utviklende relasjonar og barn sin medverknad. Dette med grunnlag i bøkene sine og Rammeplanen som arbeidsdokument.

Dei to siste dagane leigde kommunen inn interne føredragshaldarar. Det var leiarar i våre barnehagar som har teke leiarutdanning gjennom Høgskulen i Sogn og Fjordane/ Sogn Regionråd. Tema dei to dagane var vaksenrolla i inneleiken, pedagogisk dokumentasjon, relasjonar og vaksenrolla og barns medverknad.

På kursdagane vart det lagt opp til ein veksling mellom forelesning og arbeid/refleksjon i smågrupper. Tilbakemeldingar frå deltagarane har vore positive. Dei føler dei har fått god utbytte av kursdagane, og opplever at det har skjedd ei endring med deira rolle i barnehagen.

Førskulelærar og forfattar Kari Pape.



Raud ekstrasekk for restavfall

Visste du at du kan nytte "Simas Restavfall - ekstrasekk" for å avhjelpe til toppar i avfallsmengda. Desse skal setjast ved sida av dunken for restavfall. Sekkene kan du kjøpe på servicetorget eller på miljøstasjonen, pris kr 94,- pr. sek. Hugs å knyte att sekken med restavfall.

Har du vanlegvis mykje restavfall er det lurt å tinge seg ein større dunk. Det gjer du lett på www.simas.no. Her finn du også informasjon om sortering, tømmekalender og mykje meir. Har du spørsmål eller lurer på noko om renovasjonsordninga, ta kontakt med SIMAS på tlf.nr 57 65 70 70 eller e-post: post@simas.no

Geir Øygard og Tone Myklebust ved SIMAS med den "raude sekken."



Engjadalsvegen

Arbeidet med ny mur i Engjadalsvegen – Storpriekaren - går framover. Kleiven Sogn as utfører arbeidet som skal vere ferdig til midten av juli.

Asfaltering i år
Kjosavegen på Hafslo og ca. 1,5 km av vegen til Dalsdalen skal asfalterast i år. Det er ikkje klart kven som skal legge asfalt for

kommunen i år, men arbeidet skal vere ferdig i løpet av september.



Ladestasjon i Gaupne

Luster kommune ser positivt på auka bruk av elbilar og vil difor setje opp ein ladestasjon i kommunen i løpet av juni 2014. Dette er ein vanleg ladestasjon med to straumuttak, Salto, type 2, mode 3. Stasjonen vert plassert i Gaupne, på parkeringsplassen mellom Pyramiden og Øyagata. To parkeringsplassar vil bli merka, og såleis gje eit godt tilbod til alle elbileigarar i eller på besøk i kommunen. Ladestasjonen har to straumuttak, merke Salto, type 2-mode3.

Tomter til sals på Beheim 2, Hafslo. Medan Lustranytt går i trykken, handsamar kommunestyret tomteprisar i det nye bustadfeltet på Beheim 2. Rådmannen tilrår at tomtane 17-37 vert lyst ut som einebustader mot «sjølvbyggjarmarknaden». 3 tomter vert lyst ut kvar for seg og tilbydd byggjefirma . Det er også terassehustomter som vert tilbydd byggfirma/eigedomsfirma. Tomtesalet kan starte hausten 2014. Opparbeiding av tomtene kan starte våren 2015.

Andre ledige tomter
Elles har kommunen ledige tomter på Borhaug i Solvorn, i Bringebakkane i Luster, Haugåsen i Jostedal og Lundshaugen på Indre Hafslo.
Sjå www.luster.kommune.no
Bustadmarknaden



Tverrfagleg fagdag med Inge Nordhaug:

Vald i nære relasjonar



26. februar var 110 deltagarar med på tverrfagleg fagdag i Hafslo samfunnshus. Det var tilsette frå ulike instansar som jobbar med barn og unge frå Luster kommune. Inge Nordhaug frå Ressurssenter RVTS-vest hadde föredrag om vald i nære relasjonar. Han er utdanna klinisk sosionom i barne- og ungdomspsykiatri og har studiar i juridiske og teologiske fag, samt psykodrama-utdanning og utdanning i psykoterapi.

Nordhaug var innom ulike type vald; fysisk og psykisk vald, materiell og økonomisk vald og seksuell vald (overgrep). Me fekk òg innblikk i omfanget av vald, kva forsking viser om alder på barn som vert utsette for vald, og kven som utøver vald mot barn. Dei ulike typar vald gjev ulike symptom, og desse vert ofte kamuflerte i diagnostar, t.d. AD/HD. Dermed vert «symptoma» tilvist PPT eller BUP, og vald vert ikkje oppdaga. Det viser kor viktig kompetanse på feltet er for instansar som jobbar med barn. Tilsette må ha kunnskap om lovverk og om systema, og ikkje minst mot til å handle.

Deltakarane vart utfordra til å ta tak i denne problemstillinga på sin arbeidsplass i etterkant av fagdagen, sette den på dagsordenen og våge å tenke tanken på at dette skjer hjå oss også, og drøfte korleis me kan gjere noko med det.

Ta ansvar og gjer noko med det!



Lustraelevar til topps på entreprenørskapsmessa

Fleire hundre ungdomskuleelevar frå åtte kommunar i Sogn kom til entreprenørskapsmessa i Lærdalshallen onsdag 7. mai. I løpet av dagen inntok dei Lærdalsøyri, der dei vitja lokale bedrifter. Alle ordførarar, rådmenn og skulesjefar i regionen var invitert.

Det er sjette gong messa går av stabelen og i år var det Lærdal sin tur til å vera vertskap.

Lærdal Næringsutvikling/Sogn Regionråd arrangerte.

Mange flotte og kreative elevbedrifter var utstilt. Ekstra kjekt var det at lustraelevar gjekk til topps. Vinnar av kategori "Nyskaping og kreativitet" var elevbedrifta "Lys og stemning" frå Hafslo barne- og ungdomsskule.

Bra jobba Kaja, Sandra og Silje!



Ordførar Ivar Kvalen gratulerer dei flinke lustraelevane. Foto: Odd Helge Brugrand.



Trollskogen musikkteater med «Mannedottera og kjerringsonen»

Laurdag 25. april viste Trollskogen musikkteater eventyret «Mannedottera og kjerringsonen» på Solvorn skule. Den vesle barneteatergruppa held til på Hafslo. Det er 10. året på rad at teateret har framsyning. I år hadde teateret valt å ha ei avslutningsframsyning for familiene til skodespelarane i staden for ei open framsyning. Henriette Harbitz, som til dagleg underviser i dramafag ved Høgskulen i Sogn og Fjordane, og Carla Navarro, som arbeider som barnefysioterapeut i Luster kommune, har vore instruktørar for teateret denne sesongen. Sju ungar frå 1. - 4.-klasse

har vore med denne sesongen. Dei har jobba med folkeeventyret «Mannedottera og kjerringdottera», med manus utarbeidd av Henriette Harbitz og med sceneløysingar utvikla av ungane og instruktørane. Eventyret handlar om dei to stesøstrene (i Trollskogen sin variant er det ei søster og ein bror) som kappast om å spinne. Mannedottera tapar og må ned i brønnen. Der set trollgubben ho på prøver, som ho meistrar gjennom gode hjelparar. Stebroren vert avundsjuk når han ser skatten ho får til løn og vil freiste same lukka. Han kjem tilbake med eit skrin fylt av padder og orm fordi han ikkje lyttar til hjelparane og ikkje

lyttar til småfuglane som syng «Klin i leir, stikk i strå!» når han får i oppdrag av trollgubben å hente vatn i ei sil.

Teateret har planar om ein ny sesong til hausten, og dei vil då truleg slå litt meir på stortromma – dei vil invitere fleire ungar til å vere med og skipe til ei større framsyning. Trollskogen musikkteater høyrer inn under Hafslo bygdelag.

Desse ungane var med:
Marlen Bremer Ackefjord,
Anna Maria Bremer, Nicolai
Bø Gassert, John Arve Karlsen
Holene, Tonje Marie Karlsen
Holene, Mats Røneid Norman
og Karianne Urdshals.



30 års jubileum i Solvorn

Fredag 28. februar var det storfest i Solvorn. Oppvekstsenteret markerte at det er 30 år sidan skulen, barnehagen og samfunnsbygget vart teke i bruk.

Knappe 150 gjester møtte opp på markeringa, der ordførar Ivar Kvalen var ein sjølvskriven gjest. Konferansierane Robert Søhoel og Hanna Handeland losa festen fram på beste måte. Under feiringa var det song og dans frå dagens barnehage- og skuleborn. Dei to 19-åringane Hanna Handeland og Hilde Hagen representerte tidlegare elevar. Dei imponerte med song og gitarspel av kjende nasjonale og internasjonale slagerar. Mangeårig SU- og FAU medlem Sigfred Haugen hadde sett tilbake i tida, frå arbeidet med ny skule starta, og fram til i dag. Bygget er ein sentral aktør i livet i Solvorn, både på dagtid, kveldstid og helg. Det er ein samlingsplass ein ikkje kan vere forutan. Skulen stod ferdig skuleåret 1982/83 til ein prislapp på kr 4,8 millionar. SU-leiar Ole Henrik Walaker hadde laga ei flott

bildeframsyning av skulehistoria i Solvorn. Den gav mange av gjestene gode mimreaugneblink. Spesielt dei mennene som kjende seg igjen frå kokkekurset i Solvorn i 1953.

Borda var pynta til fest med kvit duk og det flottaste servise. Gjestene fekk servert gryterett m/salat og brød. Vidare hadde barnehage- og skuleborna laga gode og flotte kaker.

I klasseromma var det laga

utstillingar frå elevarbeid, samt veggavisar frå diverse avisutklypp frå dei siste 30 åra. Utover dette gjekk praten godt blandt dei frammøtte, og mange mimra tilbake til den trygge og gode oppveksten i Solvorn og på Sørsida.

Ein fin fest som samla mykje folk, der eit flott og aktivt bygg vart feira på beste måte.





Jostedal oppvekstsenter

Den kvite hjorten

I februar hadde 1.-3.klasse ved Jostedal oppvekstsenter eit stort prosjekt om diktet «Den kvite hjorten» av Jan Magnus Bruheim. Dei teikna til det lange diktet, lærte songar som Tindra har laga til diktet, laga figurar og kulissar og øvde inn dramatisering med song. Dei synte førestellinga to gonger, først for barnehagen og resten av skulen, og så for foreldra om kvelden. Diktet handlar om å vere annleis og ikkje bli akseptert av dei andre, og det er eit tema som gjer inntrykk på både store og små.



Her ser me Sondre som den kvite hjorten som vert utesengd av dei andre i flokken.



Nosakollen


For andre året på rad, har elevane i 5.-7.trinn vore på skitur til Nosakollen i lag med Jostein og Marie. Dette har vore eit ynskje frå elevrådet, og elevane var godt nøgde med vær og føre.

Elevane i 5.-7.klasse i Jostedalen jublar over sol og snø på skitur til Nosakollen i mars.

Musikkafe på Bui

Elevane i 5.-7.klasse fekk lov å til å selje heimebakst og underhalde med song og musikk utanfor Bui (Joker Jostedal) fredag 23. mai. Både elevane og kundane såg ut til å vere nøgde med salet. Pengane gjekk til skuletur til Bergen i juni.





Grunnlovsjubileum

I samband med grunnlovsjubileet har Jostedal oppvekstsenter hatt ei felles satsing på medverknad og demokrati gjennom heile skule-/barnehageåret. På barnehagedagen laga barnehagen eit bilet til utstillinga «Eg har noko å seie», og dette biletet brukte dei eldste elevane seinare i eit stort prosjekt om dei viktige endringane som kom i samband med grunnlova. Prosjektet til 5.-7.klasse munna ut i ein animasjonsfilm som vart synt fram frå scena i Jostedal samfunnshus 17. mai. I tillegg jobba heile skulen ekstra grundig med nasjonalsongen, og alle ungane laga eit illustrert hefte med alle versa i songen – som òg vert sunge som avslutning på skulen sitt underhaldningsprogram på scena 17. mai.

Alle versa av «Ja, vi elsker» sat som spikra 17. mai, og alle kunne gle seg over nytt sceneteppe i Jostedal samfunnshus.

Jostedalsambassadørar på turistinfoen i Bergen

Eit viktig punkt på programmet for skuleturen til Bergen for elevane frå Jostedalen, var å ha opplæring med dei tilsette og fortelje om kva Jostedalen kan tilby turistane. Alle verksemndene vart presentert for dagleg leiar ved turistinfoen i lag med to tilsette, og elevane fekk legge att brosjyrar. Som løn for arbeidet, har elevane fått sponsing til skuleturen frå verksemndene som vart presenterte.



Rydd eit kulturminne: Li - Liastøl

I år rydda elevane i Jostedalen langs stien mellom Li og Liastølen (mellan Mjølver og Fåberg). Dette er eit flott og lett tilgjengeleg turområde som har vore lite brukt dei seinare åra mellom anna på grunn av attgroing.

Skulen håpar ryddinga fram til Liastølen kan gjere det lettare for fleire å gå seg ein tur i dette fine området.

*Alle i sving på kjøken**Bursdagsstolen med ei blid bursdagsjente.**Me jobbar mykje med dokumentasjon og her har me dokumentert og hengt opp frå to av aktivitetane me har gjort i år.*

Indre Hafslo oppvekstsenter - eit oppvekstsenter i vekst

Indre Hafslo oppvekstsenter ligg fint til på Ljosvang på Indre Hafslo. Med bakkar, bør, skog, ballbane og bing, innbyr uteområdet vårt til leik og læring for både små og store sommar som vinter. Oppvekstsenteret har hatt stor auke i talet på born dei siste åra, noko som er svært positivt for oppvekstsenteret og for bygda.

Barnehagen

I barnehagen vår har me hatt eit stort fokus på språkstimulering for at borna skal vere ein del av eit rikt og variert språkmiljø. Gjennom song og leik lærer dei seg å rime og kjenne igjen sine eigne bokstavar. Leiken er sentral i språkutviklinga deira. Barnehagen har eit godt fokus på tradisjonar som t.d. bursdagsfeiring, foreldremiddagar, "julebord", fjøsnissefest, overnatting for dei eldste, påskefrukost, besteforeldrefest og sommarfest. Me har ein eigen bursdagsstol til bursdagsbarnet. Me er mykje på tur og brukar nærmiljøet mykje. Det har skjedd mykje spennande

utbygging på Indre Hafslo og me har vore og sett på noko av dei nye driftsbyggja. Skuleklubben har vore på besøk hjå Olav Ugulen. Det var spennande å sjå alle maskinene.

Mat og matlaging saman med barna prøver me å få til og gjerne når me førebud oss til festane våre som besteforeldrefest, foreldremiddagar og "julebord". Det er stor stas å få lage mat samtidig, og så er det god trening av motorikk.

Samarbeid barnehage/skule
God overgang frå barnehage til skule er viktig både for tryggleiken og trivselen. På Indre Hafslo oppvekstsenter jobbar me for å få til eit så tett og godt samarbeid som mogeleg mellom barnehagen og skulen, for på den måten å gjøre overgangen frå barnehagen til skulen så god som mogeleg.

Kvar måndag har 1. og 2.klasse hatt Røris-økt saman med 4 og 5 åringane i barnehagen. Røris er bevegelse til musikk. Programmet trenar både

koordinasjon, konsentrasjon og uthaldenheit. Kvar økt blir avslutta med avslapping. Og det er fantastisk å sjå at 22 ungar frå 4 til 8 år kan ligge heilt i ro og slappe av på ein gong. Det må berre opplevast.

Kvar onsdag og fredag har me felles massasje-økt. Då har me ei roleg stund med musikk og massasje.

Ein fredag i månaden gjennom nesten heile året er 5-åringane på skulen. Her jobbar me med ulike aktivitetar. Kunst og handverk, matte og norsk på smartboard, leikar og ulike spel er berre noko av det me gjer på forskuledagane. FysAk (fysisk aktivitet og fag) og faddertime har me også. For sjølvsagt har dei yngste elevane våre fadrar frå 6. og 7.klasse. Fadderøktene blir brukt til lesing og leik. Alle desse aktivitetane til saman gjer at overgangen mellom barnehage og skule blir både trygg og god. Elevane våre lærer også å ta omsyn til kvarandre på ein svært god måte. Me ser også at det er heilt naturleg at elevane leikar med kvarandre på tvers av alder og grupper.



Olav viser kva som skjer når ei kyr vert mjølka.

Felles utedag med skule og barnehage.



Bilete frå drama-gruppa på ein av Olweus-dagane.



Førskuledag våren 2014.



Underhaldning på bygdakafeen.

Skulen - ein arena for læring
Me ynskjer sjølv sagt at elevane våre skal lære så mykje som mogeleg på skulen. Og me trur at elevar som trivst og har det bra på skulen lærer meir. Difor jobbar me for at alle elvane våre skal trivast på skulen.

Aktivitetsfriminutt

Det første friminuttet kvar måndag, onsdag og fredag har elevane i 5., 6. og 7.klasse ansvar for tre ulike aktivitetar for dei andre elevane på skulen. Aktivitetane varierer frå veke til veke. Alle må delta, og ingen treng å vere usikre på kva dei skal gjere i friminutten.

FysAk: (Fysisk aktivitet og fag)
På skulen vår har alle elevane i løpet av veka FysAk i ei eller anna form. FysAk kan brukast i dei fleste fag, og er fint å bruke både til repetisjon og til ekstra trening på ting som kan vere vanskeleg. I tillegg må alle elevane vere fysisk aktive, og dei må som oftast også samarbeide med andre.

Olweus skule

Indre Hafslo oppvekstsenter er ein Olweus-skule. Det betyr ikkje at me er ein mobbefri skule, men at me har null toleranse for mobbing og antisosial åtferd. Minst to gonger i året har me felles Olweus-dagar for alle elvane

våre. Det kan vere alt frå å lage vennskapskort, til dans, fotogruppe, dramagruppe, diktgruppe, bakegruppe o.s.v. Resultatet av jobbinga blir på slutten av økta presentert for dei andre på skulen.

Oppvekstsenteret og bygda

Det er viktig for ei bygd å ha ein skule og ein barnehage. På Indre Hafslo har me minst tre gonger i året bygdakafé. Bygdakafeen er eit samarbeid mellom skulen og barnehagen. Her er det sal av kaffi, kaker og saft. Det er utlodding og underhaldning. Folk i bygda er kjempeflinke til å møte opp og det viser at dei set pris på dette tilbodet.



Alle i aktivitet under OL-dagen i vinter.



Utanfor den gamle butikken på Leri. Her fekk må gå inn å sjå korleis dei handla over disk i tidlegare tider. Her kunne ein handle både spikar, sukker og mykje anna.



Her er elevane inne i fabrikklokalet til Lerum. Det var her inne dei produserte syltetøy og saft før dei flytte til Sogndal.

Sørside-prosjektet ved Skjolden oppvekstsenter

I mai og juni har dei eldste borna i barnehagen og skulen forska og lært om bygdene Kroken og Sørheim som eit ledd i entreprenørskap ved oppvekstsenteret.

Me har hatt besøk av fire innbyggjarar frå Sørheim som svara på spørsmåla elevane hadde førebudd, og vi har brukt ein heil dag på Sørheim og ein i Kroken.

Me fekk høyra om stadnamn, segner, bærdyrking, gravhaugar, starten på Lerum-historia, fjordabåtane, fjell, butikkar, Munthehuset og anna interessant frå dei to bygdene.

I etterkant har me jobba med biletet og tekst, og resultatet skal samlast i eit lite hefte.



Kaia på Sørheim. Trygve Lerum fortalte om «dampen» som frakta varer, folk og dyr. Vegsamband fekk dei på Sørheim i 1970.



I Kroken er det ei eiga kasse til kjærleksbrev i sommar. Skal du skrive brev til kjærasten må du til Kroken for å poste dei.



Vi kan ikkje besøke sørsla utan eit besøk innom Munthehuset for å høyre om kunstnarar, kongebesøk og spokelse.

FriMoro for barn!

«Sommarmoro og friluftsliv»

FriMoro er ei vidareutvikling av tiltaket «friluftsdayar for barn» som vart gjennomført i kommunane Luster, Leikanger og Sogndal i 2013. Med gode og lærerike erfaringar legg me no opp til ein ny runde.

I år blir FriMoro arrangert den 24. og 25. juni i Gaupne (Parken) for barn i 4. – 7. klasse. Det er pr. d.d. påmeldt om lag 60 barn!

Det er lagt opp til to dagar med mange kjekke aktivitetar; kano, pil og bøge, «sup brett», luftgevær, slakk line, klatrejungel, lage spennande mat på bålpanne, brenneneslesuppe, seljefløyte, bading, hesteskokasting, orientering og mykje meir. Så her skal det vere aktivitetar for alle.

Tilbodet er eit samarbeidsprosjekt mellom frivillige lag og organisasjonar, høgskulen i Sogn og Fjordane og kommunane Luster, Leikanger og Sogndal gjennom det interkommunale folkehelseprosjektet (FFHIS).

I år satsar me i tillegg på «ung til ung»-formidling ved at instruktørane i Luster danseverkstad vert med som arrangør.

Målsettinga er at barn skal få prøve forskjellige aktivitetar og bli glad i friluftsliv!

Aktivitetar i friluft gjev:

- læring, lagarbeid og meistring
- naturoppleveling
- sosiale relasjoner og nye venner
- «gratis» fysisk aktivitet
- og mykje moro!

Det blei ein flott start på prosjektet i fjor. Alle som var med, både barn og voksne storkosa seg. Barn og ungdom frå bygdene i Luster får møtast og saman drive med kjekke aktivitetar i to dagar.

Organisasjonar som er med i Luster; Luster Turlag, L.C Lions og Nasjonalforeningen Gaupne helselag. Fleire organisasjonar er velkomne til å bli med vidare. Her er det berre å ta kontakt. Barn kjem i kontakt med ulike organisasjonar som gjer eit verdifult arbeid i kommunen vår!



Alle har fått påmeldingsbrosjyre på skulane og fristen for påmelding i år var 6. juni. Det har i tillegg hengt plakatar på alle skular.

Meir informasjon om dette og andre prosjekt sjå: facebook: folkehelse og førebyggjande helsearbeid i Sogn
blog: <http://ffhis.blogspot.no/>



*Ida Vinda og
Øyvind Lad.
Foto: Borghild
Schanke.*

Hospitering - på arbeidsplassar

Av: Mariel Hov Molland

Eg går til Gaupne skule for å intervju to som hospiterer der. Borghild er med og tek bilete medan eg intervjuar Ida Vinda og Øyvind Lad.

Ida hospitere på Helse og oppvekst og hospitere på jobb ved Gaupne skule i 4. klasse. Øyvind hospitere på idrett og på jobb også i 4. klasse.

«Kvar er du på jobb i hospiteringsveka?» Dei svarar: «Me jobbar på Gaupne skule i 4. klasse dei tre kommande dagane.»

«Kva synes du om arbeidsplassen din?», spør eg medan eg ser opp på Ida og Øyvind. Ida svarar raskt: «Det er morosamt og i tillegg interessant». Øyvind er einig med Ida.

«Er det noko de kunne tenkt å bli seinare, altså å bli lærar?». Begge to er kjappe til å svare: «Nei, det kan me ikkje tenkje oss». Eg skriv ned svara og fortsett å spørje dei spørsmåla eg har førebudd.

«Dersom yrket de jobbar i no ikkje er for dykk, kva vil de då bli?». Ida svarar raskt: «Eg har lenge hatt ein draum om å bli sjukepleiar». Øyvind tenker seg om ein stund før han svarar:

«Eg er usikker på kva eg skal bli når eg blir vaksen. Noko skal eg i alle fall bli».

Deretter spør eg: «Kjem de til å söke på linja de var på no, eller söke på ei anna linje?». Ida svarar kjapt: «Eg er ganske sikker på at eg skal söke på Helse og oppvekst». Øyvind var usikker.

«Når startar ein vanleg dag der de hospiterer?». Øyvind svarar: «Me startar klokka 9».

Siste spørsmålet mitt var: «Kvífor valde de å hospitere her?». Øyvind svara: «Det er alltid kjekt å jobbe i skule, og det var og litt for å møte mine gamle lærarar igjen.» Ida svara: «Det høyrdes morosamt ut og eg fekk ikkje plass i barnehagen her, så då blei det Gaupne skule».

Då me forlét Gaupne skule, sa me «Lukke til» til både Ida og Øyvind før vi gjekk tilbake til skulen for å begynne å skrive.



*Mariel Hov Molland.
Foto: Borghild Schanke.*

Hospitering - på vidaregåande

Av: Borghild Schanke

Elevane i 9. klasse frå alle dei ulike skulane i blant anna Luster og Sogndal har vore så heldig å få hospitere på Sogndal vidaregåande skule i heile to dagar. Dette gir ungdom eit betre innblikk i dei ulike linjene på vidaregåande for å finne ut kva ein skal bli når ein blir voksen. Etter å har vore på hospitering i to dagar hjå vidaregåande, reiste ungdommane ut i ulike yrke som høyrer til linja dei har hospitert på. Eg har vore så heldig å få intervjua nokon som er på jobb på ein arbeidsplass som høyrer til linja dei har hospitert på. Eg har intervjuat Ida Vinda, Bente Bergum og Øyvind Lad.

På Sogndal vidaregåande skule er det åtte ulike utdanningsprogram. Dei har Bygg- og anleggsteknikk, Elektrofag, Teknikk og industriell produksjon, Idrettsfag, Medium og Kommunikasjon, Service og Samferdsel, Studiespesialisering og til slutt Helse og oppvekst. Ungdomsskulen har hospitering for at elevane i 9. og 10. klasse skal få prøve ut utdanningsprogrammet dei har lyst å gå på. Då kan dei finne ut om dei verkeleg har lyst til å gå på den eller om dei har lyst å gå på eit anna fordi dei ikkje likte den likevel.

9. klasse har hospitering om våren og 10. klasse hospiterer om hausten. Hospiteringa varer i to dagar. Der får dei lære korleis ein skuledag på utdanningsprogrammet er. Dei får vite korleis vekeplanen er, og kor mykje lekser dei har. Dei får møte elevar som går på utdanningsprogrammet dei



Bente Bergum. Foto: Mariel Hov Molland.



Ida Vinda. Foto: Borghild Schanke.



Borghild Schanke. Foto: Mariel Hov Molland.

har valt. I tillegg til alt dette får elevene i 9. og 10. omvising på heile skulen i tillegg til Campus. Media og kommunikasjon
Me var fire frå Luster som hospiterte på medium og kommunikasjon. Dagen starta med at me samla oss i Trollsalen på vidaregåande i Sogndal. Der fekk me informasjon om kva me skulle gjere disse to dagane. På medium skulle me i fotostudio, lage kortfilm, ta biletet, redigere dei og lage moodboard. Det var 1. klasse og 2. klasse på medium som hadde oss i desse oppgåvene. Oppgåvene me fekk var kjempekjekke og eg skal heilt klart gå på medium når eg skal söke på vidaregåande.
Intervju med Bente og Ida

Bente Bergum og Ida Vinda har hospitert på Helse og oppvekst. Begge to vil bli sjukepleiarar og har tenkt å gå på Helse og oppvekst når dei er ferdige i 10. klasse. Dei tykkjer vidaregåande i Sogndal har bra lærarar som er greie og flinke å lære bort. Oppgåvene dei fekk då dei hospiterte på vidaregåande var oppgåver som dei ville få bruk for i arbeidslivet. Dei målte blodsukkeret og blodtrykket og andre praktiske oppgåver. Dei lærte også ord som ein må kunne for å drive på med helse og oppvekst.



Desse fire lusteringane hospiterte på Medium og kommunikasjon. F.v. Borghild Schanke, Mariel Hov Molland, Ida Falkgerdet Svåi og David Høyheim Skintveit. Foto: Tre jenter frå 1. klasse Medium og kommunikasjon.



Instruktørgruppa Impression. Øvst frå venstre: Åse Marie Beheim, Silje Carlsen, Ivonn Brugrand, Aviaja Sagabräten, Sarah Fiskaa Haugen, Simen Weka, Susanne Hesjevoll, Ingrid Alme, Eline Beddari Ørbeck.

Luster Danseverkstad

Luster danseverkstad er driven av instruktørgruppa Impression, som består av ni danseglade ungdomar frå heile kommunen. Dans utan grenser, som Luster danseverkstad ligg under, er basert på ung til ung-formidling. Dette vil seia at verkstaden er driven av ungdom, for born og unge.

Impression har eigne dansetreningar ein gong i veka, der dei øver, planlegg og lagar nye koreografiar. Cirka ein gong i månaden har dei dansehelger, der det kjem inn koreografar frå andre kommunar og/eller delar av landet. Då lærer dei dansar som skal brukast på barneheimsturneen dei skal på i vinterferien 2015! Dette er noko

gruppa ser veldig fram til. Dette halvåret har Impression instruert omlag 90 elevar mellom seks og 14 år. Det er eit stort spekter på koreografiene, alt frå hiphop, moderne, show, små skodespel og breakdance! Dans er god fysisk aktivitet og noko alle kan ha fordel av. Forbetra konsentrasjon, musikkoppleving, eit godt sosialt miljø og følelsen av å høyre til ein plass er berre nokre få eksempl!

Me håpar på å sjå att «gamle» elevar til neste år, pluss mange nye! Få med deg ein kompis eller ei venninne og bli med!

Me ynskjer alle velkommen til eit nytt danseår med Luster Danseverkstad!



Annan kvar fredag arrangerer ME'N'U ungdomskveldar for ungdom mellom 13 og 18 år. Me'n'u har base på ungdomshuset Soltun i Gaupne, men har og mykje aktivitetar utanfor Soltun. Prosjektnamnet er ME'N'U (står for både «Me and You» og «meny») Samarbeidsprosjektet ME'N'U kom i stand tidleg på nyåret i 2006 som ein uformell møteplass for ungdom. Frå hausten 2006 vart det skipa til eit eige styre, der ungdomane sjølv spelar hovudrolla. Ungdomsstyret samarbeida med «styringsgruppa» som står bak tiltaket, styringsgruppa består av: Luster kommune v/ ungdomskoordinator, Den norske kyrkja v/soknediakonen, Luster Frivilligsentral og Gaupne Ungdomslag. I tillegg er det valt ein representant for Ungdommen sitt kommunestyre

Blås Grønt natta

Blås Grønt vart i år arrangert av UK medlemane Julie Hatlevoll og Stian Listou. I år hadde dei med seg ungdomsklubben ME'N'U som samarbeidspartner, der arrangementet gjekk føre seg på Stallen i ungdomshuset Soltun i Gaupne. I samband med «blåsinga» vart det arrangert ulike aktivitetar rundt. Det var blant anna ballspel ute, medan inne var det bordtennis-turnering, biljard og twistar. I tillegg til dette var det sal av grillmat og anna godt. Då klokka «slo midtnatt» kom politiet til Soltun, der det var spente ungdommar som skulle blåse grønt. I

ungdomsklubb

som er fast medlem av ungdomsstyret til ME'N'U. Dette gjev tiltaket ei sterkare forankring i det totale ungdomsarbeidet i Luster.

Ungdomskoordinator har den direkte kontakten med Ungdomsstyret, medan Frivilligsentralen er ansvarleg for rekneskapsføring og organisering av "VaksenVaktene".

Det har vore fleire uteaktivitetar som t.d. kveldskøyring i alpinbakken på Heggmyrane og akekveld i samarbeid med turlaget, i tillegg har me hatt aktivitetar som karneval og open hall. Talet på deltakarar varierer, frå ca. 20 på ein vanleg kveld på Ungdomshuset til 50-60 stk. på skikveld på Heggmyrane, som er eit veldig populært arrangement.

Aktivitetsplan for haust 2014

05.09.14 – Oppstart Me'n'u- karneval i Stallen – Soltun.

19.09.14 - Filmkveld på Fjordstova.

03.10.14 - Sjølvforsvarskurs – Soltun.

17.10.14 – Svingkurs i bedehuset.

31.10.14 - Halloween på Stallen – Soltun.

14.11.14 - Kveldscup i hallen i samarbeid med HAUK.

28.11.14 – Aktivitet på treningsenteret.

12.12.14 – Quizkveld eller Bandstand – Soltun.



Me ynskjer ALLE mellom 13 og 18 år velkommen til eit nytt semester med aktivitetar hausten 2014! På vegne av ungdomsstyret og styringsgruppa vil me og rette ei stor takk til alle vaksenvakter som har stilt opp denne hausten og våren, utan dykkar hjelp får me ikkje gjennomført Me'n'u.

til 17. mai

Alt var det 55 ungdommar som deltok og blåste denne kvelden.

Premiane som blir delte ut til fire av dei som vart trekte ut er to iPad mini, og to vanlige iPad. Vinnarane av dei to iPad miniane vart Even Vigdal og Øyvind Lad, og vinnarane av dei to iPaddane var Daniel Gjerde og Grunde Eide Øy. Dei fekk premiane sine under den store «premieutdelinga» på laurdagen under Lustramarknaden.

Alt i alt var dette eit vellukka rusfritt arrangement, der det var mange ungdommar som stilte opp for å ha ein sosial og kjekk kveld.

Julie Hatlevoll, leiaren i ungdommen sitt kommunestyre stod for utdelinga av premiane til dei som var mellom dei heldige, uttrekte på årets Blås Grønt.



Luster Sparebank med

Raus jubileumsgåve til skulane i Luster

Då styreleiaren i Luster Sparebank, Bjarne Venjum, var ferdig med utdelinga av kultur- og næringsstipenda til ungdom, sa han at han hadde ei ekstra gåve å dele ut. Han ordla seg slik:

- Luster Sparebank er glade for å kunne nytta dette høve til å markere Sparebankforeninga sitt 100-årsjubileum – og det gjer me med å dele ut ei ekstra, større gåve. Snart skal de få høyre kven gåva går til – men først nokre få ord om Luster sparebank.

Me er ein lokal bank eigm av innskytarane og lokalsamfunnet. Ein stor del av overskotet til banken blir kvart år gitt tilbake til lokalsamfunnet som gåver og sponsoring – det meste i Luster, men og utanfor kommunen. Det er mange som får, for årleg er det no nesten 200 lag og organisasjonar som får gåver frå Luster Sparebank. Som nemnt delar banken i år ut ei større gåve i samband med Sparebankforeninga sitt 100-årsjubileum. Gåva – ja den går til skulane i Luster og er på 1 million kroner. Gåva blir fordelt med 100 000 kroner til kvar av skulane. Det er elevane sjølve og skulane lokalt som skal



bestemme kva gåva skal gå til.

Luster Sparebank er trygg på at pengane går til gode og nyttige tiltak på skulane, avslutta Venjum før han bad ordføraren om å kome opp og ta imot gåva på vegne av skulane og elevane.

Ordføraren var overveldt over den flotte gåva, og lova at pengane skal bli brukte til det gjevaren ynskjer. Og han rosa Luster Sparebank som den flotte lokalbanken den er, og som alltid støttar opp om lustersamfunnet.

Kultur – og næringsstipend frå Luster Sparebank

Under Lustramarknaden delte Luster Sparebank ut ein sjekk på kr 10.000 til kvar av desse unge, ambisiøse lusteringane:

Kine Svori, 17 år, Hardingfele, Renate Skophamar, 25 år, Song, Kitija Ievina, 20 år, Hudpleie, Vigdis Marita Havellen Hatlevoll, 17 år, Hest, Marlen Næss, 23 år, Bikinifitness, Anne Marte Lingjerde, 17 år, Fotball, Nicklas Sjølie af Geijerstam, 20 år, Fotball, Kristian Haugen, 16 år, Langrenn.



Desse var tilstades under utdelinga: Frå venstre styreiar Bjarne Venjum, Vigdis Marita Havellen Hatlevoll, Marlen Næss, Anne Marte Lingjerde, Kine Svori, Kristian Haugen og banksjef Oddstein Haugen.

Ny trafikksituasjon med parkering for rørslehemma framfor Pyramiden



Hjertestartarane i Luster


I løpet av mai månaden kom alle hjertestartarane i beredskap. Då er det 11 hjertestartargrupper med totalt 120 personar som er kursa for å bruke hjertestartarar i kommunen.

Det er ein superbrukar pr hjertestartargruppe. Denne personen har ansvaret for at det blir halde 4 treningar i året. Frå hausten av blir det halde gratis HLR-kurs i alle bygdelag i kommunen. Kursa står Røde Kors Luster for .

Det er viktig å presisera at alle må
ringe 113 når ein hjertestans oppstår.
Og starte med HLR 30 – 2 omgående,
og jobbe med pasienten til ambulanse
– hjertestartargrupper – lege kjem på
plass .

Alle hjertestartargruppene blir utkalla av 113.

Her er alle naudnummra:
Brann 110
Politi 112
Ambulanse 113





Med hjarte på rette staden

Alle elevar 7. 8. og 9. klasse i Luster får øvingsdokka «mini-Anne» og kurs i hjarte- og lungeredning. Elevar og tilsette frå alle skulane i kommunen, ordførar, lege, leiar for oppvekstområdet, LHL, Røde Kors Luster møtte opp ein dag i slutten av april utanfor Luster Sparebank då banksjef Oddstein Haugen stod for overrekkinga av øvingsdokkene.

Fagutviklar blant legane i Luster, Morten Larsen, informerte om bakgrunnen for prosjektet. Ved å utdanne skuleelevar i gjenoppliving, og gje dei oppfriskingskurs fleire gonger pr. år, vil me bli eit tryggare lokalsamfunn. Om kvar elev viser kunnskapen sin til 2-3 nye personar, er det snøgt 1000 - 1500 som har lært livredning. Oddstein Haugen sa at banken med stor glede finansierer

dese dokkene, dersom Luster kommune forpliktar seg til å gje elevane opplæring og oppfriskingskurs. Han overrekte ei «Mini-Anne» til ordføraren og lovde også at kommunestyret vil få øvingsdokker og ordføraren kan gjennomføre kurs med kommunestyret. Ordføraren takka for flott initiativ frå Morten Larsen, LHL, Røde Kors Luster og Luster Sparebank og sa at Luster gjerne kan vere ein føregangskommune på dette området. Gunvor Kjos-Wenjum, for tida leiar for oppvekst, sa at skulane sa ja takk til denne gåva med stort engasjement. Dei tek gjerne på seg å gjennomføre oppfriskingskurs. Dokkene vil bli ståande på skulane, men elevane kan ta dei med heim for å vise familien. LHL og Røde Kors Luster har

delteke i finansieringa av desse dokkene. Banken vil kvart år finansiere dokker til eit nytt kull, dei som startar i 7. klasse. Elevar, lærarar og ordførar gjekk gjennom kurset i hjarte- og lungeredning. Morten Larsen viste filmen som høyrer til kurset, stoppa opp når det var behov for det, og gav god rettleiing.





Fornøgte representar frå Luster Sparebank, Luster kommune, LHL og Røde Kors Luster

Dei som fekk kurset denne dagen skal vere pilotbrukarar på sine skular og vise dei andre elevane og lærarane.



30 hjartekompresjonar



2 innblåsingar



Ordføraren deltok også på livreddningskurs



Sjekk om pasienten pustar

Grunnlovsjubileum

«Enig og tro til Dovre faller». Det kunne ein høyre på Eidsvoll den 20. mai 1814. Same eden kunne ein høyre i heile landet den 20. mai 2014, og lusteringane mobiliserte sterkt for å vise si støtte til demokratiet. Små og store lenka seg saman i alle bygde våre.



*E
og tr
D
fa*





*Indre Hafslø
oppvekstsenter*



Luster oppvekstsenter




Veitastrond skule og barnehage

*nig
otil
Søvre
ller*

Skjolden oppvekstsenter



Solvorn oppvekstsenter



*Luster ungdomsskule ved
Gaupne omsorgssenter*

Jostedal oppvekstsenter



Grunnlovsmarkering i Solvorn:

Eidsvollmannen Lars Johannes Irgens

Luster kommune saman med folketoget i Solvorn markerte Grunnlovsjubileet med krans på grava til Eidsvollmannen Lars Johannes Irgens (1775-1830) 17. mai. Det var ordførar Ivar Kvalen som la ned kransen, og han fortalte dette om Irgens: Lars Johannes Irgens er for Solvorn best kjend som den første sorenskrivaren her i bygda, og den som fekk bygt sorenskrivargarden med det spesielle namnet Christianeslyst – oppattkalla etter kona Christiane Louise Smith som hadde fått overtala mannen sin til å flytta frå dåverande sorenskrivargarden på Loftesnes i Sogndal og til Solvorn – som i fylgje Christiane var ein meir sentral stad. Derav også namnet Christianeslyst.

Kven var så denne Lars Johannes Irgens? Faren var Hartvig Irgens, sokneprest i Hof i Solør då Lars Johannes vart fødd i 1775. Mora var Marthe Margrethe fødd Steen. I 1786 fekk faren nytt kall i Vang i Valdres, men døydde før han fekk teke til der. Enkja budde ei

tid på enkjesetet i Vang, men flytta sidan til Ringsaker, der bror hennar var sokneprest, og ho døyde der.

Lars Johannes bur saman med mora og ein yngre bror, Aage Christian, på Ringsaker prestegard i 1801. Same året, 26. juli, gifta han seg der med Christiane Louise Smith som var fødd i Larvik 1778, døyde i Lyngdal 1858. Ho var dotter til amtsforvaltar Hans Paludan Smith og Fredrikke Perbøll. Lars Johannes og Christiane Louise Irgens var foreldra til statsråd Nils Irgens.

Seinast som 14-15-åring byrja Lars Johannes på ei militær karriere. Han var kvartermeistar da han frå 1793 vart kornett a la suite ved Opplandske nasjonale dragonregiment. Han vart sekondløytnant ved same regimentet frå 1800, først ved Vestre Hedmarkske kompani, så ved Søndre Totenske kompani i 1802. I folketeljinga 1801 er han nemnd både som sekondløytnant og student. Han avbraut si militære karriere og sökte avskil 1803. Han avla same året juridisk embeteksamen, og vart med ein gong utnemnd til sorenskrivar i Indre Sogn, og dette embedet styrde han til han døydde.

Irgens budde først på Loftesnes i Sogndal der han leigde hus av forgjengaren Michael Fleischer. I 1816 flytte han og kona Christiane til Solvorn. Der bygde han altså Christianeslyst, som tente som sorenskrivarbustad til 1964. Irgens døyde 22. april i 1830 - og er altså gravlagd her i Solvorn på den kyrkjegarden som den gongen var i bruk. I 1814 var Irgens utsending frå Nordre Bergenshus amt



Ordførar Ivar Kvalen la ned krans på grava til Eidsvollmannen Lars Johannes Irgens.

på riksforsamlinga på Eidsvoll. Der slutta han seg til sjølvstendepartiet. Irgens tok ordet under forhandlingane om grunnlova og var særleg engasjert i samband med røysteretten. Dei som skulle få røysterett var dei som eigde jord og dei som hadde ei viss inntekt av handel i byane. Irgens ville at dei som dreiv med handel på bygdene også skulle få røysterett. Dette nådde likevel ikkje fram, men her var det at vi i ettertid ser at Irgens var synleg i forhandlingane.

Ein annan Eidsvollsrepresentant, bondeguten og soldaten Niels Johannesen Loftesnæs, var frå same garden som Irgens budde på den gongen i 1814 - på Loftesnes, så dei to må ha kjent kvarandre godt på førehånd. Det er med den største vyrdnad og takksemd me i dag kan få minnast Lars Johannes Irgens for det arbeidet han har medverka til for alle oss som får bu i eit fritt land og med ei grunnlov som faktisk er til føredøme for mange andre demokrati.



Elevar ved Solvorn oppvekstsenter assisterte ordføraren ved kransenedlegginga.

«Eg har noko å seie»

Barnehagane og oppvekstsentrana i Luster kommune bestemde seg for at dei ville markere grunnlovsjubileet med ei utstilling på Pyramiden i høve barnehagedagen. Tema for barnehagedagen var at grunnlova er 200 år i 2014. Parolen til barnehagedagen var : Eg har noko å seie!

Nettverksgruppa frå Luster kommune i kunst , kultur og kreativitet sende dette ut, med beskjed om at her var det kun fantasien som sette grenser. Her er noko av forslaga som vart sende ut til alle barnehagane/ oppvekstsentrana:

- Flagget vårt
- Krune
- Norgeskartet
- Bursdagskake
- Ta utgangspunkt i Eidsvoll bildet (dei som var samla for 200 år sidan på Eidsvoll)
- Bildecollage – kva er fint med å bu her me bur? Kanskje borna kan ta bilet?
- Kva seier barnehagelova/ord i grunnlova om t.d. samhald, kjærleik (ulike verdiar) med borna sine ord? Kva betyr orda? Tekstskaping.

Dei ulike barnehagane tok utfordringa på strak arm, og korleis dei ulike hadde løyst det kunne ein sjå på Pyramiden.



Gamlestova barnehage:

Grunnlovsjubileet

Storestova har dei eldste ungane på Gamlestova barnehage dette året og vi ønskte å arbeide med grunnlovsjubileet. Utfordringa var korleis gjere det på ein måte så barna kan forstå det?

Sist haust var det Stortingsval og vi hadde val i barnehagen og. Vi snakka om valet, kva det er å stemme og at foreldra hadde høve til å stemme.

Valet vi hadde i barnehagen var mellom to matrettar. Vi hadde skriftleg hemmeleg val, hadde teljekorps og fleirtalet avgjorde kva matrett vi skulle ha. Då dagen kom og vi serverte vaflar, var kommentaren til eitt av barna: "men eg valde risgraut, eg!" Konsekvensar av eit demokratisk val der fleirtalet avgjer er ikkje så lett å forstå for eit barn.

Grunnlova fekk vi i 1814, 200 år tilbake i tid. For eit barn er det vanskeleg å forstå kor lenge 200 år er då foreldra sin barndom (om lag 30 år tilbake i tid) blir omsnakka som "i gamle dagar". Korleis gjere det



forståeleg? Vi valde å lage ein tidsakse der vi streka opp ei to meter lang line som starta i 1814 og enda opp med 2014. Måleriet "Eidsvoll 1814" vart kopiert og hengt opp i starten. Der samla 112 menn seg og laga ei grunnlov med 112 paragrafar. Eit eksemplar av Noregs lover hadde vi også. Vi hadde eit dansk flagg for å vise at Danmark bestemte over Noreg, også eit svensk flagg måtte opp då svenskane "overtok" Noreg. Statuen av svenske prinsen Carl Johan til hest (den står framom slottet i Oslo) vart hengt opp. Vi måtte velje ut viktige årstal å markere på tidslinja som 1836: Grunnlovsdagen 17. mai vart feira offisielt for første gong. 1864: Bjørnstjerne Bjørnson skreiv "Ja vi elsker" markert med biletet av Bjørnstjerne og teksten til nasjonalsongen. 17. mai 1870 gjekk det første barnetoget. 1898: Allmenn stemmerett for menn (kvinnene fekk det i 1913), desse årstala vart markert av biletet av ein mann/kvinne i tidsriktige klede. Slottet vart bygd i 1849 og Stortinget i 1866. 1905: Ein dansk prins vart vald til konge markert med eit biletet av Kong

Håkon og dronning Maud med krone og hermelinkappe. 1957: Kong Olav vart konge, og i 1991 kong Harald. Vi snakka om konge/dronning og kronprins/kronprinsesse og kva det tyder "Kongen er død, leve Kongen!" Bilete av kronprinsen med familie heng også på tidsaksen.

Vi fann plass til meir lokale merkeår også, t.d. då Gamlestova vart bygd og teke i bruk som gamleheim, i 1939, i 1989 vart den til barnehage markert med eit biletet av den opphavlege bygningen og slik den ser ut i dag. 1963 vart markert med kommunevåpenet til Luster kommune, det var året dei tre kommunane vart til Luster kommune. Fødselsåra til personalet kom på tidsaksen, det same gjorde fødselsåret for dei to årskulla vi har på avdelinga, 2008 og 2009. Sist komuneval vart markert med biletet av ordførar Ivar Kvalen og Stortingsvalet med statsministeren Erna Solberg. Enda meir er avmerkt på tidsaksen som t.d. når Barnehageloven vart vedteke og mykje meir. Dette gav oss høve til å snakke om korleis



Før de forlet rådhuset vart det teke bilete av alle som var på besøk.



det er no og korleis det har vore. Tidsaksen hjelpte oss å konkretisere innhaldet i temaet for barna og vi trur at dei har lært ein del av dette.

På barnehagedagen 18. mars drog vi til Gaupne på besøk til ordføraren. Han tok i mot oss på trappa med ordførarkjede på seg og inviterte oss inn i kommunestyresalen. Der orienterte han oss om arbeidet i kommunen og opna opp for spørsmål. Nokre hadde vi førebudd i fellesskap, andre kom spontant som t.d. "kven er sjefen heime hos deg" og "kva farge har du på trusa"? Ordføraren gav alle eit skikkeleg svar og det var ei kjekk oppleveling for barna. 16. mai med feiring av grunnlovsdagen i barnehagen med songar, tog og to

musikantar frå korpset på Hafslø som stilte opp, Eva Tangen og Thomas Skjerven. Sjølve grunnlovsjubileet feira barna i lag med familiane sine då dei markerte 17. mai med å ta del i den offisielle feiringa. NRK Super har laga ein

flott film innspelt i Eidsvoll-bygningen der barn syng og dansar i klede som på måleriet "Eidsvoll 1814". Filmen vart kalla "1814 på en, to, tre". Vi såg den nokre gonger, flott dans og bra musikk. "Enig og tro til Dovre faller" var gjennomgangstema der også. Grunnlovsjubileet avslutta vi med å delta i den landsomfattande markeringa "Broderkjeden". Vi danna ein meir enn 100 meter lang kjede på Hafslø omsorgssenter i lag med elevar på skulen og folk på omsorgssenteret. Der stod vi i kjede med kryssa hender og sa "ENIG OG TRO TIL DOVRE FALLER"!



Grunnlovsveka i Luster bibliotek

I jubileumsåret for Grunnlova har Luster bibliotek i samarbeid med biblioteka i Balestrand, Eid, Flora, Vik og Årdal motteke kr 100.000 i utviklingsmidlar frå Nasjonalbiblioteket til prosjektet "Grunnlova 1814-2014". Løyvinga er eit ledd i nasjonal satsing for å utvikle biblioteka i landet som møteplassar og debattarenaer. Luster bibliotek er prosjektleiar og ansvarleg for utvikling og koordinering av program. I mai blei jubileet markert med "Grunnlovsveka" med arrangement og utstillingar. Historikar og forfattar Atle Næss stilte på bokkafé der han hadde historietime om litt av kvart frå Eidsvoll i den hektiske tida rundt 1814. Programmet

hans byggjer på boka "I Grunnlovens hus" som Næss har hausta myke heider for. Det blir videre arbeida for å sette saman program for barn og unge som skal på plakaten til hausten. Atle Næss skal ha ein del av dette programmet.

Folkeliv i Sogn på 1800-talet: eit program med Bjørg Hovland
 Grunnlovsveka i Luster bibliotek var ikkje berre via Grunnlova, men famna også om folkelivet i Sogn og traktene rundt på 1800-talet. Korleis levde folk på den tida? Kva skikkar hadde dei? Med utgangspunkt i den nye boka si "Folkedrakter og bunadar frå Sogn : ei reise i tid og landskap" fortalte Bjørg Hovland om mangt frå bygd



Frå opninga av utstillinga.



Historikar og forfattar Atle Næss.

og fjord i laurdagsforedraget. Boka har eit rikt og også sjeldan biletmateriale og syner fleire maleri og teikningar som aldri tidlegare har vore



Rundt 50 gjester møtte til foredrag med Bjørg Hovland.




Flagghistorie.

på trykk. Sognfjorden trekte til seg mange kunstnarar, og bileta frå nasjonalromantikken si blomstringstid er utallige. Hermann Kaufmann sitt maleri "Taufgesellschaft am belebten Fjord" (1843), fritt oversett til "Dåpsfest ved den livlige fjorden", er eit slikt. Hovland

har henta myke informasjon og inspirasjon frå dette biletet. Ikkje minst fortel maleriet detaljert om kleskikken. Det ligg mange tiår med studie og arbeid bak boka "Folkedrakter og bunader frå Sogn: ei reise i tid og landskap". Bjørg Hovland er tildelt «Gullnål med Diplom» frå Norges Husflidslag, og ho fekk kulturprisen til Luster kommune i 1996.

Utstillingar
To utstillingar blei opna i Grunnlovsveka: "Folkeliv i Sogn på 1800-talet" og "Grunnlova 1814-2014". Dei er plasserte side om side i lokalhistorisk avdeling. Desse utstillingane vil stå utover sommaren.



Dokker i halvstorleik viser mannsbunad og to døme på kvinnedrakter frå Sogn.

Nedgang i folketalet første kvartal 2014

Folketalet i Luster kommune går ned med 13 personar i fyrste kvartal i 2014.

Det er gode fødselstal – 18 er fødde, medan 16 døydde.

Utflyttinga har diverre vore større enn tilflyttinga. Det har flytt inn 34 personar, medan 49 flytte ut. Då er det 5076 personar som bur i Luster kommune pr 1.4.14. Vi toler godt å bli fleire. Driv gjerne reklame for Luster om du veit om nokon som vurderer å flytte!

Folketal pr.01/01 -98:	5095
Folketal pr.01/01 -99:	5035
Folketal pr.01/01 -00:	5003
Folketal pr.01/01 -01:	4954
Folketal pr.01/01 -02:	4968
Folketal pr.01/01 -03:	4924
Folketal pr.01/01-04:	4926
Folketal pr.01/01-05:	4927
Folketal pr.01/01-06:	4889
Folketal pr.01/01-07:	4884
Folketal pr.01/01-08:	4870
Folketal pr.01/01-09:	4879
Folketal pr.01/01-10:	4945
Folketal pr.01/01-11:	5023
Folketal pr.01/01-12:	5026
Folketal pr.01/01-13:	5041
Folketal pr.01/04-13:	5049
Folketal pr.01/10-13:	5114
Folketal pr.01/1 - 14:	5089
Folketal pr.01/4 - 14:	5076

Endringar i 2014 :

Fødde:	18
Døde:	16
Innflytte:	34
Utflytte:	49

Kjelde: Statistisk Sentralbyrå, kvartalvis befolkningsstatistikk.

NB! Talmaterialet for endringar siste kvartal er førebelse tal.



Ordførarane samla framfor slottet. Foto: Oslo kommune/Sturlason.



Delegasjonen frå Sogn og Fjordane framfor Oslo rådhus. Foto: Jenny Følling.



Ordførarane på vandring til slottsbakken.
Foto: Atle Ørbeck Sørheim.

Ivar hjå Kongen

Lustraordførar Ivar Kvalen har ikkje møtt kong Harald eller dronning Sonja før. Men den 15. mai var han i lag med vel 400 andre ordførarar til stades på grunnlovsjubileet i Oslo rådhus.

Rådhusfesten

– Eit kjempeflott arrangement i råhuset med middag og klokkeklar song av sølvgutane, både yngre og eldre. Til stades på arrangementet var Kongen også. Det var ikkje lagt opp til at me fekk helse direkte på Kongen, men me ordførarar snakkast saman etterpå.

Slottsbakken

Dagen etter var Kvalen og dei andre ordførarane samla utanfor Stortinget medan Kongen og utanlandske gjester deltok i den høgtidelege grunnlovsmerkinga der. Etterpå vandra dei opp til slottsbakken der det var offisiell fotografering framfor slottet.

Her var det også offisiell mottaking hjå Kongen inne på slottet.

– Høgtideleg og interessant. Ei oppleving som eg seint vil gløyma, seier Kvalen om dei to kongedagane i Oslo.



Trude og Stina leverte kaker til biblioteket sin språkkafé før påske.

Innsats for andre

I år har Luster ungdomsskule hatt eit nytt valfag, som heiter “Innsats for andre”. Valfaget går ut på at me skal hjelpe andre menneske. Når me hjelper andre menneske, skal me ikkje ha betalt, for me gjer det for at andre skal bli glade. Derfor har Trude Kveane og Stina Øvrebø laga småkaker til biblioteket sine språkkafear og ein bokkafé. Men det er ikkje berre til biblioteket me har bakt. Me har baka småkaker til bingoen på eldresenteret, til eldrekafeen og rett før jul delte me ut småkaker på eldresenteret. Og i tillegg har andre som er med på valfaget vore på sjukeheimen, vore i barnehagen og vore på besøk til eldre. Me driv og på å strikke luer til premature babyar. Desse skal me levere til sjukehuset. Andre lagar lotto til sjukeheimen i Luster.

Nye lustringar

Ingunn Watsend og Einvald Søreide Erichsen

Fortel litt om dykk/sjølv?

Me flytta første gong til Gaupne i 2008. Ifølge Knut Schønberg skaut Ingunn gullfuglen då ho vart turnuslege og seinare fastlege i kommunen. Einvald har jobba som lærar ved Gaupne skule sidan 2009. I fjar budde me eitt år i Førde då Ingunn hadde spesialiseringssår ved sjukehuset. Me har tre gutar og bur i Gaupne. Om ikkje lenge flyttar me til nybygd hus på Nes.

Kvifor flytte de til Luster?

Ingunn fekk turnusplass, Einvald kjem frå Kaupanger. I Einvald sitt hovud finst det ikkje ein betre stad å bu enn i indre Sogn. No trivst heile familien, me har jobbar, har fått kjøpt ei fin tomt, naturen er flott og klimaet godt.

Kva er det beste med å bu i Luster kommune?

Då me flytta til Gaupne blei me møtt av mange positive menneske. Kvardskabalen var enkel; kort veg til jobb, skule og barnehage. Oppvekstmiljøet, skulen og dei kommunale tenestene er gode. Dette saman med ein fantastisk natur, som me er blitt svært glade i, gjer Luster til ein flott stad å bu.

Kva kan Luster kommune bli betre på?

Hald fram med å ta vare på det som gjer Luster spesiell. Ro, urørt natur og levande kulturlandskap.



Lina Øygard Reksten

Fortel litt om dykk/sjølv?

Eg er oppvaksen på gard på øya Reksta utanfor Florø, men har òg budd på Sandane, i Bø i Telemark i samband med studiar. Har dei siste åra jobba som miljøterapeut hos KOA i Eikefjorden og litt som breførar for Jostedalen Breførarlag. Eg har ei utdanning innanfor friluftsliv, og i tillegg litt etterutdanning innanfor helse. Elles trivast eg med å vere ute, både på fjellet, sjøen, i skogen og på ein solflekk i hagen. For tida har eg permisjon for å vere heime med mi 3 månader gamle dotter. Så den siste tida har i hovudsak gått med til å bli kjend med den nye rolla som mor.

Kvifor flytte du/de til Luster?

Eg kom til Luster og Jostedalen som breførar for Jostedalen Breførarlag fyrste gong i 2010. Etter nokre sesongar oppdaga eg at eg likte meg så godt i Jostedalen at det var berre å finne seg ein lokal breførar og slå seg til ro her...

Kva er det beste med å bu i Luster kommune?

Naturen og alle aktivitetsmoglegheitene den gjev heile året må vere noko av det beste med Luster kommune. For ei som er oppvaksen i fjærsteinane med nordakuling og regn, er det stas å få oppleve stabile og snørike vintrar! Elles er det positivt at folka som bur her er trivelege, at bygda er levande og at graset blir slått!

Kva kan Luster kommune bli betre på?

Det veit eg ikkje. Det meste har vel eit forbetningspotensial, men eg er så langt fornøgd!



Ane Enderud

Fortel litt om dykk/deg sjølv?

Jeg heter Ane Enderud, er 34 år og er født og oppvokst i Oslo. Lidenskapen for naturen og skikjøring og ikke minst et litt annet fokus på livet enn det jeg fant i Oslo fikk meg raskt på reisefot. Etter videregående gikk jeg for en sesong i de franske alper, den lille byen Chamonix i bunn av Mont Blanc-massivet. Det ble til flere. Her boltret jeg meg i 13 vinter og noen somre. Fra deltid de første årene til nå fulltid de seneste årene er frikjøring mitt yrke.

Det har vært full rulle med masse action, spennende jobber og reising rundt i hele verden. Etter å ha kjørt verdenscupen i frikjøring (FWT) i 2009 og 2010 ble hverdagen tilbrakt mer på hotell enn i et hjem. Andre lidenskaper som vokste raskere og raskere i meg ble nedprioritert.

Med en veldig holistisk idelogi var det på tide å roe ned reisingen og leve, studere og jobbe med de emnene jeg brenner sterkest for. Så nå går livet med til å lære mest mulig om en naturlig livsstil. Naturmedisin med inkluderende kropp-sjel-sammenhenger og naturlig mat og urter som essensielle verktøy.

Jeg er fremdeles profesjonell skikjører av yrke, men med et annet fokus enn tidligere på å utøve dette i urørt natur.

Kvifor flytte du/de til Luster?

Grunnen til at jeg flyttet hit er kombinasjonen av helt rå natur med både fjelliv og fjordliv. Jeg ønsket en roligere hverdag med inspirerende natur rett utenfor døren uten noe jeg rundt meg. Roen til å dyrke mine lidenskaper i større grad og leve i tråd med min idelogi er hva jeg ser her. Har flere hundre matplanter i jorda for første gang i mitt liv og flere er på vei. Det føles så riktig.

Jeg er der jeg føler jeg hører hjemme i dette landet, kommunen hvor en av mine største inspiratorer i livet vokste opp, min kjære farmor.

Her kan jeg også utøve mitt yrke og har de siste to årene filmet skikjøring i Jotunheimen. For meg er det en nasjonalpark jeg har ønsket å bli kjent med lenge. Jeg har så smått begynt å guide i Hurrungane og ser for meg mer av det rundt her i de flotte fjellene nå som jeg blir bedre kjent her.



Kva er det beste med å bu i Luster kommune?

Det beste med å bo her for meg er tilgangen til alt jeg kan ønske meg fra naturen i alle retninger. Å se at det fremdeles er folk som også satser på å dyrke sin egen mat er helt rått. Åpne hjelpsomme mennesker er det som foreløpig har møtt meg. Folk som har tid eller prioriterer menneskelige verdier som et godt smil, gode råd og en mentalitet om å hjelpe hverandre. Mange steder i landet lever mennesker veldig isolert og jager rundt på egen hånd på jakt etter noe mer. Det er godt å se Norge har mye jordnære folk igjen, og siden jeg kom hit har jeg møtt mange. Det er en god følelse.

Kva kan Luster kommune bli betre på?

Hva Luster kan bli bedre på er litt tidlig for meg å uttale meg om synes jeg. Men jeg skulle ønske det var mer aktivitet i det økologiske landbruket og at flere av disse nydelige gårdene jeg ser overalt var i bruk. Jeg blir så glad når jeg møter de jeg har gjort både i Skjolden og i Kroken som satser på å produsere mat på den naturlige måten uten sprøytemidler. Naturen her er unik og jeg ønsker at det blir tatt godt vare på. Jeg får litt vondt i magen når jeg ser cruiseskip komme inn denne lille dype fjorden hvor et så skjørt økosystem finne sted. En fjord som en gang var en stor matressurs for mennesker.

Vi har et matskap i den frie naturen og et område ideelt for dyrking av mye forskjellige matvarer som er der for oss mennesker til å benytte oss av.

Kommuneoverlege/ Helsesjef Knut Cotta Schønberg:

Nye råd om fysisk aktivitet og stillesitjing

Er det vanskeleg å ha kunnskap om kva som trengs for å ta vare på helsa? Her er gode råd.

Helsedirektoratet har revidert anbefalingane for fysisk aktivitet. Råda er basert på anbefalingar frå ei nordisk ekspertgruppe. Den sentrale anbefalinga er at vaksne og eldre bør vere i moderat fysisk aktivitet minst 150 minuttar i veka. Barn og unge bør ha dobbel dose - minst 60 minuttar kvar dag. Alle bør redusere stillesitjing i løpet av dagen.

Barn og unge

Barn og unge blir anbefalt minimum 60 minuttar fysisk aktivitet kvar dag, alternativt fordelt utover veka. Aktiviteten bør vere variert og intensiteten både moderat og hard. Minst tre gonger i veka bør aktiviteten være med høg intensitet, og inkludere aktivitetar som gjer auka muskelstyrke og styrkar skjelettet.

Vaksne og eldre

Anbefalingane om fysisk aktivitet for vaksne og eldre kan oppsummerast i følgjene punkt:

- Vaksne bør vere fysisk aktive med minimum 150 minuttar moderat intensitet per veke eller minimum 75 minuttar med høg intensitet per veke. Anbefalinga kan også oppfyllast med kombinasjon av moderat og høg intensitet.
- Aktiviteten kan delast opp i bolkar på minst 10 minuttars varigheit.
- For å oppnå ytterlegare helsevinstar bør vaksne auke den moderate fysiske aktiviteten inntil 300 minuttar i veka, eller inntil halve tida med høg intensitet. Det er også muleg å kombinere økter med moderat og høg intensitet. Auka dose gjer større vinst.
- Øvingar som gjer auka muskelstyrke til store




muskelgrupper bør utførast to eller fleire dagar i veka.

- Reduser stillesitjing. Lange periodar med stillesitjing bør stykkast opp med korte avbrekk med lett aktivitet. Bytt ut stillesitjing mot aktivitet med låg intensitet der du står, går eller ruslar.

Eldre med nedsett mobilitet blir anbefalt i tillegg å gjere balanseøvingar og styrketrening tre eller fleire dagar i veka for å styrke balansen og redusere risikoen for fall.

Stillesitjing

Dei aller fleste brukar ein stor del av dagen i ro. Barn, unge, vaksne og eldre blir tilrådd å redusere tida dei brukar i ro eller er stillesitjande. Langvarig stillesitjing eller tid i ro bør unngåast. Barn og unge bør ha høve til regelmessige korte pausar med lett muskelaktivitet i nokre minuttar. Det same gjeld vaksne som sit mykje på jobben eller i fritida. Denne anbefalinga gjeld også dei som er fysisk aktive.



Du finn meir informasjon på www.helsenorge.no:

- Anbefalingane for eldre (helsenorge.no).
- Anbefalingane for vaksne (helsenorge.no).
- Anbefalingane for barn og unge (helsenorge.no).
- Korleis komme i gang med fysisk aktivitet (helsenorge.no).

Store helseinstar

Personar som er fysisk aktive får betre humør, meir overskot og auka livskvalitet samanlikna med personer som er lite aktive. Helseinstane ved regelmessig fysisk aktivitet er godt dokumentert. Fysisk aktivitet reduserer mellom anna risiko for å utvikle høgt blodtrykk, diabetes type 2, blodpropp, fedme og psykiske vanskar.

Effekten av auka aktivitetsnivå avheng av utgangspunktet. Di lågare aktivitetsnivå ein person har i utgangspunktet, di større effekt kan ein forvente om aktivitetsnivået blir auka.

For mange kan det vere utfordrande å endre levevanar og kvardagsrutinar.

Fastlegane kan gje råd. Dei kan vise deg til Frisklivssentralen på Helseenteret via «Frisklivsresept» eller du kan ta kontakt med dei sjølv.

Frisklivssentralen tilbyr individuelle samtalar, kurs og grupper for fysisk aktivitet, kosthaldsrettlinning og snus og røykslutt kurs. Tilboden er gratis.

Folkehelseprofilen til Luster kommune for 2014 syner at vi har ei stor utfordring med høg del av befolkninga med overvekt. Dette er ei viktig årsak til at vi har mange med diabetes.

Det er lite ekstra fysisk aktivitet som skal til for å betre helsa! Bruk sommaren til å tenke igjennom kva DU kan gjere.

Ha ein aktiv og god sommar!

Helseøster og kommuneoverlegen informerer:

Førebyggande helsekontroll for å hindre spreiing av tuberkulose

Har du utanlandske arbeidrar hjå deg? Skal dei ha tuberkulosekontroll?

- Ja, viss dei kjem frå eit av desse landa og skal vere over 3 månader i Noreg:

Europa: Bosnia-Hercegovina, Grønland, Kosovo, Romania og alle land i det tidlegare Sovjetunionen: Armenia, Aserbajdsjan, Estland, Hviterussland, Georgia, Kasakhstan, Kirgisistan, Latvia, Litauen, Moldova, Russland, Tadsjikistan, Turkmenistan, Ukraina og Usbekistan.

Amerika: Belize, Bolivia, Brasil, Den dominikanske republikk, Ecuador, Guatemala, Guyana, Haiti, Honduras og Nicaragua.

Oseania: Marshalløyene, Guam, Kiribati, Mikronesia, Palau, Papua Ny-Guinea, Salomonøyene, Tuvalu og Vanuatu.

Asia: Midtausten: Irak og Jemen. Øvrige Asia: alle land unntatt Japan, Singapore og Maldivene.

Afrika: Alle land unntatt Mauritius, Komorene og Seychellene

Ta kontakt med Luster helsestasjon eller Helseenteret, for nærmare informasjon:

Tlf: 57685605/57685600.

Informasjon kan du også finne på Folkehelseinstituttet sine sider: www.fhi.no

Luster Vinmonopol Miljøfyrtårn

I januar vart Vinmonopolet i Gaupne tildelt sertifikat for å ha oppfylt krava som vert sett for at ei verksemnd kan kalla seg eit miljøfyrtårn. Verksemda kan dermed dokumentere at strenge krav innan arbeidsmiljø, innkjøp, transport, avfall, utslepp og estetikk er tilfredsstilt.

Kommuneoverlege/Helsesjef Knut Cotta Schønberg:

Radon i utleigebustader

Gassen Radon er etter røyking den viktigaste årsak til lungekreft og står for ca. 300 tilfelle pr. år i Noreg. Førebygging av slik sjukdom er ei prioritert oppgåve for samfunnet. Vi har dokumentasjon på at også i Luster kommune er der målingar av Radon som ligg over tiltaksgrensa. Radon er ein usynleg og luktfrí gass som kjem frå jordgrunnen.

Myndighetene har i mange år vore opptekne av helseeffektane av gassen Radon og grenseverdiane er no justert ned frå 200Bq/m³ til 100Bq/m³.

Frå 1. januar 2014 gjeld ny endring i Strålevernsforskifta:

«§ 6. Grenseverdier og tiltaksgrense

...

Radonreduserende tiltak skal iverksettes i barnehager, skoler mv. [...] dersom radonnivået overstiger 100 Bq/m³ (tiltaksgrense). Tilsvarende gjelder for boliger hvor eier ikke bor eller oppholder seg. Radonnivået skal uansett ikke overstige grenseverdien på 200

Bq/m³ i slike bygninger og lokaler.

§ 57.
Bestemmelsen trer i kraft 1. januar 2014.»

Alle som leiger ut bustad har ansvar for at radonnivået i utleigebustaden er så lågt som det er praktisk mogleg å få til. Årsmiddelverdien skal vere under 200 Bq/m³ (becquerel per kubikkmeter) i oppholdsrom. Dette nivået blir kalla grenseverdi i Strålevernforskrifta. I tillegg skal tiltak for å redusere radonnivået alltid gjennomførast dersom det overstig 100 Bq/m³. Dette nivået blir kalla tiltaksgrense i Strålevernforskrifta. Det betyr at dersom du måler radonnivå høgare enn 100 Bq/m³, for eksempel 150, 400 eller 2000 Bq/m³, må du gjere tiltak for at nivåa skal bli så låge som praktisk mogleg. Nivåa skal uansett ikkje overstige grenseverdien på 200 Bq/m³. Dersom du har gjennomført tiltak for å redusere radon i bustaden, må du gjennomføre ny måling for å kontrollere at



tiltaka har hatt tilstrekkelig effekt.

Grenseverdien og tiltaksgrensa gjeld frå 1. januar 2014.

Alle typar utleigebustad

Kravet gjeld alle typar utleigebustader, både dei som blir leigt ut av det offentlege, verksemder og private, inkludert leilegheiter og hyblar i tilknyting til egen bustad. Også institusjonar o.l. er omfatta dersom bebuaren betaler leige.

Mål radon i utleigebustad

For å finne radonnivået i en utleigebustad, må du som uteigar sørge for å få utført ei radonmåling. Ein utleigebustad blir målt på same måte som ein bustad. Leilegheiter som ligg frå og med tredje etasje over bakkenivå, treng vanlegvis ikkje å målast. Med bakkenivå meiner vi både bakken under og terrengkontakt, f.eks i bakkant av bygget.

Dokumentasjon av radon-nivå

Uteigar skal kunne framvise dokumentasjon på at radonnivåa er forsvarlege. Dokumentasjonen skal ikkje registrerast hos myndighetene, men den skal vere tilgjengeleg både for leigetakar og ved eit eventuelt tilsyn.

Meir informasjon kan ein finne hos Statens Strålevern: www.nrpa.no

Hafslø barne- og ungdomsskule fekk

Pris for tobakksførebyggande arbeid

Fylkesmannen har for skuleåret 2013 - 2014 trekt ut fire skular som har fått tildelt 5000 kroner kvar til velferdstiltak for elevane. Kriterium for å vere med i konkursen om desse pengane var at alle klassar på ungdomstrinnet deltok og gjennomførde FRI-programmet. Dette programmet er eit haldningsskapande undervisningsprogram, som har fått god evaluering, og der det er dokumentert god effekt om det vert gjennomført på rett måte.

Fylkesmannen gratulerer Hafslø barne- og ungdomsskule med prisen og ynskjer dei lukke til i det vidare arbeidet med tobakksførebygging og alt anna helsefremjande og førebyggande arbeidet som dei driv i skulekvardagen.



Heile skulen samla for å høyre novellene bli opplesne av Janne Karin Støylen frå Nynorsksenteret.

Janne Karin Støylen frå Nynorsksenteret

Verdas bokdag - feiring på Luster ungdomsskule

I Luster blir Verdas bokdag feira til gangs. Bibliotek med filialar har ulike arrangement for å markere dagen. Bokdagen, som har røter tilbake til 1600-talet, er ein offisiell FN-dag som blei oppretta i 1995.

Verdas bok- og opphavsrettdag, også kalla Verdas bokdag, er ein FN-dag som blir markert kvart år 23. april. Dagen blei innstifta av generalforsamlinga til FNs organisasjon for utdanning, vitskap, kultur og kommunikasjon (UNESCO). I Noreg har dagen blitt markert

av bokhandlarar, bibliotek og skular sidan 1997. I Luster har biblioteket feira dagen kvart år sidan 2001, og i Gaupne har det blitt tradisjon med samarbeid mellom ungdomsskule, tiande klassar, og bibliotek om litterær konkurranse med påfølgjande arrangement. I 2013 var det diktkonkurranse og no i 2014 novellekongurranse. For å setje ein spiss på markeringa på skulen, blei det leigd inn profesjonell opplesar til å framføre vinnarbidraga i novellekongurranse. Det var god stemning i aulaen då Janne Karin Støylen frå

Nynorsksenteret las. Støylen, som er litteraturvitar og nynorskspesialist, var begeistra for gode litterære kvalitetar og høgt nivå. Om ikkje alle blir glade i å lese i løpet av livet, så set dei aller fleste pris på å bli lesne for, sa ho. Både ho og skribentane hausta stor applaus frå salen. På Luster ungdomsskule er elevane gode til heie kvarandre fram, avslutta Støylen.

Fire glade vinnarar fekk kvar sitt gávekort på Pyramiden senter som påskjønning for retteleg god innsats.



Vinnaren, Julia Kvam, blir intervjuaa av nærradioen v/Asbjørg Ormberg.



Novellekonkurranse. Frå venstre: Anne Lise Urdahl, 3.pl, Julia Kvam, vinnar, Andrea Bjørk, 2.pl og Arijan Fåberg, også 3.pl.



Luster bibliotek tilbyr lån av ebøker

I appen eBookBib kan du låne ny norsk skjønnlitteratur rett til telefonen eller nettbrettet ditt.

Torsdag 10. april gjekk startskotet for utlån av e-bøker frå alle biblioteka i Sogn og Fjordane. Via gratis-appen eBookBib installert på nettbrett eller smarttelefon, internetttilgang og lånekort er biblioteket berre eit tastetrykk unna.

– E-bøker brer om seg, det vert meir og meir etterspurt også på biblioteket. Biblioteksjefen er difor nøgd med at biblioteket no kan låne e-bøker til brukarane sine. – Folk kan låne bøker når som helst og frå kor som helst, akkurat når dei føler for det. Mange meiner e-bøker ikkje gir den same gode følelsen som å bla i ei papirbok. Det er ein skepsis biblioteksjefen trur vert vekke når ein vågar å prøve ei e-bok. På reise er det utruleg hendig å ha tilgang til eit mangfold av bøker, bagasjen vert dessutan lettare å bære!

E-boksatsinga er eit samarbeid mellom fylkesbiblioteket, folkebiblioteka og bibliotek i vidaregåande skule. Samarbeid gjev meir til innkjøp og større utval av e-bøker. For lånaren sin del betyr det at alle får lik tilgang til heile e-boksamlinga uansett kvar ein bur i Sogn og Fjordane.

Vi har tru på at e-bøker kan appellere til fleire og nye brukarar. Det viktige for oss er at folk har tilgang til litteratur, uavhengig av plattform, sjølv om utvalet førebels ikkje er så stort. Ein må merke seg at appen eBookBib ikkje kan lastast ned på lesebrett frå Kindle og liknande. Det let seg kun gjere på nettbrett og smarttelefon.

Det er enkelt å kome i gang, besøk nettsida <http://ebok.sj.no> eller kom innom biblioteket!

Lån e-bøker!



Kom i gang på 1-2-3



1 Last ned appen eBookBib



2 Logg inn med lånenummer og pinkode frå biblioteket



3 Finn ebøker, last ned og les!

Les meir på ebok.sj.no



Fem nasjonalitetar samla



Naima frå Somalia viser søstrene Tongol (Filipinane) biletet frå heimstaden sin.

Språkkafé

Det er etterkvart mange innbyggjarar i Luster som ikkje har norsk som morsmål. Dei siste par åra er det kome flyktningar frå fleire land til kommunen. Det er også mange arbeidsinnvandrarar i kommunen, som har etterlyst tilbod om språktrening utanom vanleg språkopplæring på skule. Som ei forsøksordning starta difor biblioteket med språkkafé annakvar onsdag kveld i vårhalvåret. Det har møtt gjester frå mange land, Litauen, Slovakia, Somalia, Eritrea, Etiopia, Filipinane, Palestina, Mexico og Noreg. Kafeen er ein uformell møtestad med hovudformål å trena på norsk språk, men er også ein



Filmframvising. Her ein liten familie frå Palestina, J.P. frå Mexico og søstrene Tongol frå Filipinane. Olav Tuften frå Gaupne delte også ofte på kafeane.

stad å møte nye menneske og lære om andre kulturar. Slik sett kan det også vere interessant for dei som har norsk som morsmål. Det er ikkje eit tilbod berre for flyktningar og arbeidsinnvandrarar. Biblioteket har hatt ulike program på kafékveldane.

Fleire tema har vore presentert og diskutert, deltakarane har fortalt frå heimstaden sin, om tradisjonar og skikkar. Framvising av norske kortfilmar har vore eit populært innslag. Oppstart av språkkafé til hausten vil bli i slutten av september.

Over 1000 likar Luster kommune på Facebook

Luster kommune har vore på Facebook ei tid, og nådde for litt sidan over 1000 tilhengjarar. Facebook er ein ekstra informasjonskanal me brukar, og her når me både ungdom og vaksne. Ordførar Ivar Kvalen seier dette er fyrste delmål, og ynskjer fleire velkommen til å følgje kommunen. Luster kommune si Facebookside er ei open side. Det betyr at du treng ikkje vere medlem på Facebook for å sjå informasjonen som kjem på sida vår.



Erlend Loe på bokkafé

Ein fredagskveld i mars var det program med den populære forfattaren Erlend Loe i hovudbiblioteket. Rundt 50 frammøtte fekk innleiingsvis høyre opplesing frå boka *Sa mor* av Hal Siowitz. Den amerikanske forfattaren er mest kjent for denne samlinga med originaltittelen *Mother said*. Ho inneheld tragikomiske dikt om ei mors overbeskyttande råd til sonen sin. Erlend Loe si gjendikting frå 1997 blei ein stor suksess i Noreg, og blei seinare dramatisert og sett opp på Centralteatret i Oslo. Truleg er boka meir kjend i Noreg enn ute i verda elles.

Publikum fekk vidare høyre frå Loe sin roman *Vareopptelling*, om den avdanka lyrikaren Nina Faber som mirakuløst får utgjeve ei diktsamling etter mange år i den litterære



skuggen. Nina blir rasande når eit forlag avlyser bokopplesing med ho. Ho er sikker på at det er på grunn av därlege bokmeldingar. Ho tek sakta i eigne hender, det er «pay back time». Og det får uante konsekvensar.

Erlend Loe er ein lun og humoristisk forfattar som veit å sette namn på kjensler. Det er alltid ein snert av alvor i botnen av tekstane hans.

Tidlegare på dagen hadde Loe program for dei fleste skulane i Luster. Biblioteket hadde stor pågang av elevar som ønskte å låne Loe sine bøker. Jamvel var det nokre barn som møtte opp på kveldsarrangementet også.



Bokkafé i januar med tema "Litterære nyhende".

Bokkafear vårhalvåret

Bokkafé er eit månadleg arrangement i hovudbiblioteket frå september til mai månad. Etter kvart har det blitt ein gjeng med faste deltakarar på programma som biblioteket lagar sjølv. Interessa for nye og eldre bøker ser ut til å vekse. Bokkafeen er også ein stad for uhøgtidleg sosialt møte. Tidspunkt for haustens kafear blir annonser i Sogn Avis.



Februar: Ein fast gjeng med bokkafedeltakarar fordjupar seg i "Bokåret 2013".

ATS får gode råd frå Fylkesarkivet. F.v. Halvard Johan Bolstad (ATS), Snorre Øvrebo og Elin Østevik (Fylkesarkivet) og Arne Neset (ATS).

Nytt frå ATS

ATS tek imot bilete for digitalisering/scanning og ev. restaurering

Ved ATS kan du no få utført digitalisering/scanning og enklare restaurering av biletar, negativar, dias og dokument. Frå nyttår har teamet brukt tida til å testa utstyr, etablera og læra seg gode rutinar samt å driva «prøvescanning» av biletar og dokument. No er dei klar til å ta imot biletar og dokumenta dine. Har du biletalbum eller «skoøskjer» med biletar eller dokument du ønskjer å ta vare på gjennom digital lagring, brukar på nettet eller i presentasjonar, kan du no nytta dette flotte tilbodet.

Desse medarbeidarane er klar til å ta imot biletar dine: Halvard Johan Bolstad og Arne Neset. ATS har også etablert eit samarbeid med fylkesarkivet. På denne måten vil dei sikra seg at



dei gjer arbeidet etter godkjende standardar og dei vil kunna samarbeida med Fylkesarkivet ved særleg arkivverdig og utfordrande digitalisering.

*

Treng du hjelp til plenslått?

Teamet på ATS starta grøntarbeidet rekordtidleg i år på grunn av den tidlege våren. I år har dei arbeid for m.a. idrettsbanene i Gaupne, Statkraft, Luster Energiverk og 12-15 private kundar. Teamet har framleis kapasitet til å ta på seg meir arbeid, - det er berre å ta kontakt på telefon 576 85 735 eller 99 45 93 74.



Faksimile frå Facebook-oppslag på ATS si opne gruppe.

Nytt på nett

Er du ein av dei som likar å følgja med på kva som skjer i lokalsamfunnet ditt gjennom Facebook og internetsider, kan du bli betre kjend med kvardagen på ATS gjennom «ATS-gruppa» på Facebook. Dette er ei open gruppe der du kan be om å bli medlem. Her legg dei med ujamne mellomrom ut store og små hendingar ved senteret, som t.d. her biletar av mannskapet på dei nye transport-rutene for COOP Byggmix. Også «ATS-sida» på Luster kommune si heimeside kan vera verd eit besøk. Der kan du finna informasjon om ATS, prosjekta deira, biletar av dei fleste medarbeidarane og kva dei jobbar med.



Grøntarbeidarane framfor ATS.

Verdsarv Urnes stavkyrkje og verdsarvnytt

Verdsarvnytt er ei side som skal formidla nyhende knytt til verdsarven Urnes stavkyrkje og vil setja fokus på arbeid og aktivitetar knytt til kyrkja, Ornes og sørsida elles og Solvorn.

Lusteringar på verdsarvtur til Vegaøyane

Urnes stavkyrkje var det første området i Noreg som kom på verdsarvlista som objekt nr 58 i 1979. I 2013 vart det vedteke forvaltningsplanar for området kring Urnes stavkyrkje og Solvorn som trekkjer opp rammer for viktige oppgåver i åra som kjem. Solvorn er også definert som inngangsportal til verdsarven.

Hausten 2013 vart det oppnemnt ei lokal arbeidsgruppe som skal arbeida med oppfølging av tiltak jfr. forvaltningsplanane for Ornes og Solvorn og skjøtselplan for Ornes. Det vart prioritert å ta ein tur for å sjå på arbeidet i andre område og valet fall på Vegaøyane verdsarvområde.

Vegaøyane er innskrive på verdsarvlista med grunnlag i særeigne natur- og kulturverdiar. Sentrale punkt i innskrivingsteksten er: «*Vegaøyane viser hvordan generasjoner av fiskere og bønder har opprettholdt et bærekraftig levesett i et værhardt havområde nær Polarsirkelen, basert på den nå unike tradisjonen med ærfugldrift, og den er også en hyllest til kvinnens bidrag til dunarbeidet.*»

Vegaøyane er ei strandslette med om lag 6 500 øyar, holmar og skjer og er i stor



Turdeltakarane og verdsarvkoordinator for Vegaøyane samla kring verdsarvbautaen i Hysvær som vart avduka av Dronning Sonja under opninga i 2005. F.v.: Rita Johansen, dagleg leiar Stiftelsen Vegaøyen Verdensarv, Jon Tamnes – Fortidsminneforeninga Sogn og Fjordane avd., Øyvind Hatlevoll – Ornes grendelag, Per Jørgen Loen – Solvorn bygdelag, Ivar Kvalen – Luster kommune, Olav Grov – Luster kommune, Erling Bjørnetun – Luster kommune. Framme f.v. Valborg Heløy – Kroken grendelag, Torunn Løne Vinje – Luster kommune.

grad eit gruntvassområde og eit rikt biologisk mangfald. Vega kommune har arbeidd systematisk over mange år, først for å koma på verdsarvlista, deretter for å bruka verdsarvstatusen i strategisk utviklingsarbeid. Kommunen har 1200 innbyggjarar som i hovudsak bur på hovudøya Vega. Kommunen har eit einsidig næringsliv med hovudvekt på landbruk. Dyktige bønder har stått for store utbyggingar innan mjølkeproduksjon dei siste åra. Dette har resultert i 11 mjølkerobotar og mange store grisebesetningar. I staden for tradisjonelt fiske, er det no ei veksande havbruksnærings og oljeindustrien som skapar arbeidsplassar.

Stikkord for det me opplevde var m.a.:

- Lokalsamfunn som er stolte over verdsarven.
- Grundig og strategisk jobbing både lokalt og mot sentrale myndigheter. Arbeidet er sterkt forankra i kommuneplanarbeid, både samfunnsdel og kommunedelplanar. For tida er det nærings- og reiselivsplan som står i fokus. Når planar er vedtekne arbeider dei etter desse, og det gjev tillit oppover i systemet og er med å løyer ut regionale og nasjonale tilskotsmidlar. Dette har gjeve gode resultat.
- Dei vektlegg at verdsarven skal vera «fyrtårn» og «beste praksis» innan natur- og kulturminnevernet og arbeider etter denne retninga.



Dei siste 10 åra er det m.a. investert ca. 10 mill kr i bygningsvern.

- Satsing på små turistbedrifter, «gjenbruk» av bygningar, god kvalitet på formidling. I hovudsak enkeltreisande og flest nordmenn som besøker øya. Auken er innan gruppa av utalandske turistar. Tilrettelagte turstiar, sykling og havkajakkpadling, båtturar tiløyane, turistinformasjonen er viktig tilretteleggjar.
- Kompetansearbeidslassar knytt til verdsarven.
- Kommunen har stor lånegjeld etter å ha satsa strategisk på investeringar i barnehage, skule, omsorgsbustader og vegar, men som dei seier dei har full kontroll på det dei gjer og står difor ikkje på Robek-lista.

Les meir:

www.verdensarvvega.no

Kva kan me dra nytte av etter turen?

Bakgrunnen for turen er



Frå Store Emårsøy: Eigarane av den nyrestaurerte husmannsplassen, Turid Næss og Gisle Ebbesen, fortalte levande om øya si historie til kaffidrikkande turdeltakarar frå Luster.

korleis ein lokalt i Luster skal arbeida når det gjeld verdsarven som ressurs for lokalsamfunnsutviklinga. Mål for vidare arbeid er at Luster kommune tek initiativ til ei reorganisering av verdsarvarbeidet i Luster i samsvar med regjeringa sine mål for verdsarven. Dette er eit arbeid som også må skje i nært samarbeid med m.a. Fortidsminneforeninga – hovudkontoret og Fylkeskommunen.

Nytt frå Urnes stavkyrkje
Denne vinteren har det vore mykje arbeid her ved Urnes stavkyrkje. Det er installert sprinkelanlegg i besøkssenteret og toalettbygget og teknisk rom har vorte drenert. Video-overvakninga er også oppgradert. Arbeidet tok til i desember og ferdigsynfaringa var 11.juni. Så det har vore eit stort arbeid. Gravearbeidet er utført av Woll Lunde Maskin, Lærdal, rørleggar har vore Osvald Hofslundsengen, Caverion, Sogndal og elektrikararbeidet

har Luster Energi hatt. Alle har gjort eit godt arbeid, og eg trur vi har kome svært godt ut, sjølv om vegen for ein god del har måtta bli til undervegs. Vi må vera takksame for at Riksantikvaren på nytt investerer store pengar i verdsarven vår.

Brannsikring Solvorn

Luster kommune har utarbeidd brannsikringsplan for verneområdet i Solvorn. Kommunen har sett av midlar i økonomiplanen, men har i fleire år venta på midlar frå Riksantikvaren. Det er sett av 10 mill i revidert nasjonalbudsjett og kommunen vonar no at me står så pass høgt på lista at det vil koma midlar til dette arbeidet i år.

Arbeidsgruppe Ornes og Solvorn:

Arbeidsgruppe som skal arbeida med oppfølging av tiltak jfr. forvaltningsplanane for Ornes og Solvorn, skjøtselplan for Ornes og korleis ein kan styrkja verdsarvarbeidet i Luster har denne samansetjinga:

- Torunn Løne Vinje – skrivar, Luster kommune
- Erling Bjørnetun – Luster kommune
- Marianne Bugge – Samarbeidsgruppa for grendelaga på Sørsida
- Valborg Heløy – Samarbeidsgruppa for grendelaga på Sørsida
- Per Jørgen Loen – Solvorn bygdelag
- Jon Tamnes – Fortidsminneforeninga Sogn og Fjordane avd.

Forvaltningsplanane for Ornes og Solvorn finn du her:
www.sfj.no

Forbod om å gjøre opp eld i skog og mark frå 15. april til 15. september

Kontakt alltid overordna brannvakten
dersom du ønskjer å brenne, tlf 48 29
69 29.

I den tida Lustranytt er i trykken
handsamar kommunestyret ny forskrift
om open brenning i Luster kommune.
Denne regulerer kva brenning som er
lovleg og kva som er forbode.
Forskrifta vert lagt ut på www.luster.kommune.no



Frå venstre: Arve Tokvam (Lærdal), Per Holen (Leikanger), Johannes Sjøtun (Balestrand), Olav Grov (Luster),
Grethe Hjetland (Highsoft), Bård Huseby (Sogndal), Odd Rune Turvoll (Vik), Karina Nerland (Sogn Regionråd),
Torstein Hønsi (Highsoft)

Næringsnettverket i Sogn samla i Vik

Næringsjefane i Sogn Regionråd er samla 2-4 gonger i året for å drøfte felles problemstillingar og saker som er aktuelle. I mars var det samling i Vik. På møtet var det ei orientering om korleis næringsarbeidet vert gjort i Vik, og kva utfordringar kommune og næringsliv har. Det var også drøfting omkring

«verdiskapingsplanen i Sogn og Fjordane», korleis få fleire statlege arbeidsplassar til sogneregionen, og korleis ein kan sikre betre finansiering til grunderar og etablerarar. Det var sett av tid til bedriftsbesøk på verksemda Highsoft. Dette er ei IT-verksemd i rask vekst som har

ei kundeliste som inneholder fleire av dei største verksemndene i verda. Grunderen Torstein Hønsi har utvikla produkt som er verdsleiande, og Highsoft har nye store utviklingsprosjekt på arbeidsplanen. I mars var det 9 personar som arbeidde ved kontoret i Vik.

Ny dagleg leiari på Breheimssenteret

Dette fortel den nye leiaren om seg sjølv:
 Namnet mitt er Marianne Smith og eg er ny dagleg leiari på Breheimssenteret. Eg er fødd og oppvaksen i Melsomvik i Vestfold, men flytte til Sogndal i januar og bur no i Jostedalen. Fjell og flott natur lokka meg til Sogn og Fjordane, eg har ei sterk interesse for friluftsliv og berekraftig bruk av naturen.
 Studiebakgrunnen min omfattar idrettsvitenskap og internasjonale miljø- og utviklingsstudium. Eg avsluttar no med ein mastergrad i entreprenørskap og innovasjon. I jobben på Breheimssenteret ønskjer eg å bidra til å vidareføre det gode arbeidet Peder Kjærvik har gjort ved å bygge opp Breheimssenteret til den institusjonen det er i dag. Eg ynskjer å utvikle Breheimssenteret i tråd med dei målsetjingane som ligg føre, og håpar samtidig å kunne bidra med kreativ og strategisk forretningsutvikling. Vi satsar på ein god sesong med nøgde turistar og samarbeid med turistnæringa i regionen. Eg vonar på godt besøk frå lokalbefolkingen og vil at Breheimssenteret skal vere ein interessant plass for alle som kjem.



Konsernleiinga i Avery Dennison møtte kommunaleiinga

Leiinga i Luster kommune hadde den 8. mai møte med toppleiinga i Avery Dennison.

Det var positive framtidsplanar for NTP i Gaupne det vart orientert om. Leiinga ved Avery Dennison ser på NTP i Gaupne som ei svært vellukka satsing. Avery Dennison vil halde fram med å investere i teknologi og produktutvikling i Gaupne, og satsar på vekst i framtida.

Shawn Neville som er nestleiar i konsernet sa det slik: ”Me har brukt 25 år på å komme dit me er i dag, og den hårte utfordringa eg har til oss no er å doble omsetninga i løpet av dei neste 5 åra.”



Frå venstre: Mike Johansen, Alex Donaldson, Shawn Neville, ordførar Ivar Kvalen, næringssjef Olav Grov, rådmann Jarle Skartun og Elif Kagitcibasi.

Lustrabadet

Utvida opningstider hausten 2014

Lustrabadet har gleda av å kunne opna igjen mesteparten av tida som vart innskrenka vinteren 2013/2014.

Opningstider haust, frå 18. august 2014:

Dag:	Offentleg bading:	Anna aktivitet:
Måndagar:	15.00-20.30	09.00-15.00 Skulesymjing, frå veke 35 Grupper
Tysdagar:		
Onsdagar:	06.30-09.00 13.30-20.30	Morgonbading frå veke 40 09.00-15.00 Skulesymjing
Torsdagar:	15.00-20.30	
Fredagar:	06.30-09.00 13.30-20.30	
Laurdagar:	10.00-17.00	
Søndagar:	10.00-17.00	

Endringar:

Det er offentleg bading på torsdag ettermiddag. Ope til kl. 20.30 på kvardagar. Døra stenger kl. 21.00. Lik opningstid på laurdag og søndag. Morgonsymjing er flytta til onsdag og fredag med start i veke 40. Mat laga på kjøkken kan kjøpast mellom klokka 17.00 og 20.00 på kvardagane (kiosken er open tidlegare på ettermiddagen).

Me håpar at endringane vert gode for dei fleste av dykk som ynskjer å bruka badet og at fleire vil finna at tidene passar slik at dei kjem oftare.

Men før me kan gleda oss over hausten kjem sommaren. I fjor var det gledeleg stor pågang av turistar og tilreisande i Lustrabadet. Me håpar og at lokalbefolkinga finn det interessant å besøka det fine badet og få løyst opp stive musklar etter onnearbeid, fjell- og breturar eller for sosialisering og trening.

Opningstidene er endra frå dei me signaliserte i januar. me ser på erfaringane frå i fjor sommar at barnefamiliane og turistane gjerne stod 1-2 timer ute og venta på at me skulle opna. Tidene er derfor justert til:

Opningstider sommar 23. juni -17. august:

Kvardagar: 11.00-17.30
Helg: 10.00-17.00

Veka før og etter vert deler av badet stengt i periodar for vedlikehald, hovudreinhald og installasjon av sikkerheitsutstyr.

Utbettingar våren 2014:

- Sirkulasjonspumpa: for å få stabil temperatur i dusjane

- Vendkors ved inngang: slik at me veit kor mange som er inne i badet til ei kvar tid
- Undervasskamera i varmebasseng: ekstra tryggleik på dagar med mange born som leikar under vassflata

Lustrabadet ser på nye måtar å gjera ting på slik at me kan fokusera på å gi dykk gjestene våre gode tilbod.

Fasilitetar:

Har du behov for ekstra utstyr i dusjen, er far eller mor som har med fleire ungar og ikkje ynskjer å ha dei med i «din» garderobe eller syns det er for ubehageleg å vera i garderobe/dusj med andre, har Lustrabadet to FLEIRBRUKSGARDEROBAR. De låner nøkkel når de kjøper billett. Når de har skifta, legg de tinga dykkar i oppbevaringsboksane utanfor garderobane og leverer nøkkelen i kassa slik at andre kan disponera garderoben medan de badar. Noko ventetid kan påreknaast enkelte dagar.

IDRETTS- OG FAMILIEAVDELING byr på trening, leik og oppleveling for både store og små med blant anna 25 meters idrettsbasseng med seks baner, 65 meter lang sklie med tidsakingssystem, bratt droppsklie, klatrevegg, stupetårn på 1, 3 og 5 meter, knøttebasseng og barnebasseng. Spesielt skliene og klatreveggen fangar interessa til ungar i alle aldrar.

VELVEREAVDELING med roleg og avslappande atmosfære med varmebasseng som held 34°C. Der finn du og liggebenk med luftmassasje, sitjebenk med vassmassasje og 4 motstraumsdyser. Grotta held 39°C og har sitjebenk og vassmassasje. Du ser 10 meter rett opp i mørket samt har skiftande



Sogndal fotball i
Lustrabadet.

fargelys under vatn som gir ei spesiell oppleving! Elles finn du dampbadstove, badstove, kvilebenk og dusj. Utmerka for deg som treng å løysa opp stiv muskulatur, ro og avslapping og ikkje minst sosialisering.

UTANDØRS KALDKULP (8-12°C) for nedkjøling og **VARMEKULP** (39°C) for avslapping i godt og varmt vatn.

KAFETERIA med servering inn i badeanlegget, i resepsjonsarealet og ute på terrassen om sommaren.

Manglar du badeklede eller handkle, kan du få kjøpt det i BADEBUTIKKEN.

Aktiviteten det første halvanna året

Det første halvanna året har vore svært spanande med godt besøk og mykje læringsfrihet for tilsette og leiing. Me får stadig tilbakemeldingar på kor reint og pent det er hos oss og kor flinke dei som planla og bygde badet har vore i å få mykje inn på liten plass. Utfordringar har me, men me forsøker å læra av dei for å kunne gi betre tenester til gjestene og til ein betre pris for eigerane våre.

Det har vore mykje positiv aktivitet i badet i denne perioden. Skulane med mange flinke ungar og

lærarar har hatt symjeundervisning på måndagar og torsdagar. På tysdagane har me hatt babysymjing og mange lag og organisasjonar med eige opplegg. Mange nøgde mødrar og fedrar med babyar, og ikkje minst vaksne med helseplager som kjem ut etter ein time i badet og «kjerner seg som nye». Morgonsymjarane har vore imponerande stabile sidan månadsskiftet september/oktober. Me håpar at det går fint for dei å endra dagar til hausten. Den store gjengen er alle dei som er på offentleg bading. Me hadde besøksrekord i påsken med 876 gjester på ein dag. På dagar med sol og gode temperaturar er det heller fåe som vitjar Lustrabadet. Ein tanke for deg som kan tenka deg å symja/vera i vatnet når det er fåe besøkande. SIL sin A-lags stall har det siste halve året vore på Lustrabadet nokre gonger på restitusjon med enkeltspelerar og ein gong med heile laget. Dette kjem til å bli sett meir i system, og SIL ser føre seg å ha både trening og restitusjon i Lustrabadet framover. Det er flotte spelerar med gode verdiar som trenar og er ilag med oss andre når badet er ope.

Med betre opningstid på kveldane håpar me på ny aktivitet og ser fram til aktive dagar og kveldar med blide og aktive gjester.

Velkommen til trening og hygge i Lustrabadet!

Økonomisk stønad til bustad

Tilskots- og låneordningar som kommunen forvaltar gjennom Husbanken

Bustønad

Bustønad er ei statleg økonomisk støtteordning for dei som har høge buutgifter og låg inntekt. Husbanken forvaltar ordninga, men det er kommunen som motteke og handsamar søknadene. Det kan søkjast for bustad som du leiger eller eig. Du må være folkeregistrert på adressa du søker bustønad for den 1. i månaden du søker om bustønad. Utbetaling er ca. den 10. i månaden etter.

Søknadsfrist er den 14. i kvar månad.

Har du fått vedtak om bustønad, treng du ikkje søkje på nytt månaden etter.

Kven kan söke bustønad?

Har du fylt 18 år kan du sökje bustønad med mindre du eller ein i din husstand avtener førstegongs-/sivilteneste eller er student utan barn. Personar utan barn som studerer som eit ledd i eit offentleg program for arbeidskvalifisering, for eksempel yrkesretta attföring, kan også sökje om bustønad. Foreldre som bur saman med barn som studerer eller er i militæret, misser ikkje retten til bustønad.

Kvar sender du söknad, og kven kan hjelpa?

Du kan ta kontakt med Servicetorget tlf. 57 68 55 00 for søknadsskjema for bustønad. Søknad skal sendast til Luster kommune, Rådhuset, 6868 Gaupne. Råd og rettleiing om bustønad får du og på Servicetorget.

Tilskot til etablering i eigen bustad

Bustadtilstok skal medverka til etablering i eigen bustad og til å sikre eigna bustader for vanskelegstilte på bustadmarknaden. Tilskotet skal og sikre at vanskelegstilte kan bli buande i ein eigna bustad.

Målgruppe

Vanskelegstilte med varig låg inntekt.

Søknadsfrist

Fortløpande.

Tilskotet kan gjevast til kjøp av ny eller brukt bustad. Tilskot til etablering kjem gjerne inn som ein toppfinansiering når ein bustad skal finansierast. Kor mykje tilskot ein kan få er avhengig av bustadbehov, husstanden sin økonomi og moglegheit for andre offentlege støtteordninga, som for eksempel bustønad.

Kven kan få tilskot til etablering?

Enkeltpersonar og husstandar med varig låg inntekt og som ikkje er i stand til å betene fullt lån til ein eigna bustad. Ordninga er sterkt behovsprøvd og berre dei aller mest vanskelegstilte kan rekna med å få tilskot.

Korleis sökje?

Du må sökje til den kommunen du vil busetje deg i. Servicetorget kan hjelpe til med utfylling av söknaden.

Tilskot til tilpassing av eigen bustad

Målgruppe

Du kan sökje om tilskot til tilpassing av bustad dersom

nokon i husstanden har nedsett funksjonsevne. Å tilpasse ein bustad inneberer å gjera den betre eigna til å ivareta spesielle behov for personar med nedsett funksjonsevne.

Tilskotet kan nyttast til enkle tiltak som å fjerne tersklar for å betre tilkomsten til bustaden, men også til større ombyggingar for å få tilrettelagd bustaden i forhold til søkjaren sin funksjonsnedsetting. Familiar med funksjonshemma barn skal vera høgt prioriterte ved tildeling av tilskot.

Kvar sender du söknad, og kven kan hjelpa?

Søknad skal sendast til Luster kommune, Rådhuset, 6868 Gaupne. Råd og rettleiing om tilskot til tilpassing av bustad får du og på Servicetorget.

Startlån til bustad

Kommunen kan gje startlån til personar som ikkje får lån i ordinære kredittinstitusjonar, eller ikkje får tilstrekkelig lån til å finansiere kjøp av bustad. Startlån vert tildelt etter behovsprøving. Kommunen handsamar søknadene og skal vurdere om søkjaren:

«Utdrag frå forskrift om startlån frå Husbanken.

- forventes å ha langvarige problemer med å finansiere eid bolig og
- har benyttet muligheten til sparing innenfor de økonomiske mulighetene søkerens inntekter og nødvendige utgifter til livsopphold gir.

Søkeren må ha evne til å betjene lånet over tid og fortsatt ha nødvendige midler igjen til livsopphold.

Uavhengig av vurderingene etter annet ledd kan kommunen gi startlån i alle disse situasjonene:

- husstanden har barn eller særlege sosiale eller helsemessige utfordringer, og hensynet til å sikre en trygg, god og stabil bosisuasjon innen kort tid taler for det,
- husstanden har problemer med å dekke boutgiftene, og refinansiering med startlån kan bidra til at husstanden kan bli boende i boligen sin,
- boligsituasjonen hindrer mulighetene til å opprettholde et arbeidsforhold, eller hindrer utvikling av det lokale næringslivet eller
- lånet bidrar til bedre utnyttelse av kommunalt disponerte boliger.”

Kommunen kan gje lån til husstandar for:

- Kjøp av bustad
- Utbetring og tilpassing av bustad
- Oppføring av ny bustad
- Refinansiering av dyr lån dersom det fører til at husstanden kan bli buande i noverande bustad

Bustaden skal vere eigna for husstanden, nøktern og rimeleg samanlikna med prisnivået på staden. Kommunen kan bruke startlånet til å fullfinansiere bustaden eller som topplån der private eller Husbanken gjev grunnfinansiering. Kommunen skal vurdere om samfinansiering kan oppnåast.

Søknad om startlån m/ dokumentasjon skal sendast til: Luster kommune, Rådhuset, 6868 GAUPNE. For spørsmål og nærmare informasjon, kan du ta kontakt på tlf. 57 68 55 17 eller koma innom Servicetorget. Meir informasjon om alle ordningane finn du og på Husbanken sine nettsider.



Erlend satsar på sau

Etter ombygging av fjøsen på familiegarden på Indre Hafslo, treng Erlend Feet berre brukar ein time anna kvar dag på fôring. Den nye, automatiserte fjøsen til to millionar kroner gjer at 20-åringen ser lyst på framtida som bonde.

– Framtidas bonde må ha eit yrke som gir inntekt ved sidan av. Om vinteren når det er rolegare periodar i hove til gardsdrifta, passar det fint å vera snikkar, seier Feet.

Det er foreldra som står for ombygginga sidan Erlend ville satse. Han har i dag 130 vinterfora sauher, men når siste byggetrinn er ferdig, vil det vere plass til 150.

Roleg i fjøsen

– Før visste sauene at det var mjøl å få når eg kom inn og det var eit forferdeleg bråk. No er dei langt rolegare. Dei går sjølv inn i automaten og forsyner seg når dei vil, og får fôr utfrå tildelt dose. Det vert styrt av ei elektronisk brikke i øyra, som porsjonerer ut til kvar enkelt sau som kjem gjennom grinda i fôringautomaten.



Ope hus

Den 12. februar var det ope hus, og svært mange tok turen for å sjå den flotte fjøsen på Fet. Alle bileta er tekne av Torodd Urnes.



Olav Ugulen satsar

Onsdag 9. april var formannskapet på vitjing hjå den unge bonden Olav Ugulen (29 år) på Indre Hafslo. Olav Ugulen har saman med foreldra satsa på nytt stort fjøs til nær 10 millionar kroner. Her skal det etter kvart bli om lag 50 mjølkekyr. Formannskapet fekk sjå eit imponerande anlegg; med mjølkerobot og elles automatisert føring. Ein lys og triveleg fjøs å komme inn i.

Olav Ugulen sjølv og foreldra har lagt ned ein betydeleg eigeninnsats for å realisere driftsbygningen. Luster kommune er inne med vel 2.3 millionar kroner i rentefritt lån til satsinga. Ordførar Ivar Kvalen overrekte blomar og kom med gode ord. Han tykkjer det er flott å sjå at unge bønder satsar, og vonar at fleire vil unge bønder vil satse framover.



Beste nærbutikk på Vestlandet

Coop Nærkjøp Fortun har fått pris som Vestlandets beste nærbutikk. Kjøpmann Anne Sandvik Steig utmerker seg med eit servicenivå utover det som er vanleg i bransjen og har fått til eit godt samspel mellom butikken og bygda.

200 butikkar deltok i konkurransen om beste butikk i landsdelen. Anne Sandvik Steig har drive butikken her over mange år. Butikken har ein relativt liten omsetnad på ca. 4 mill. i året. Men trass i svakt kundegrunnlag har butikken halde eit kvalitetsmessig høgt nivå. Kjøpmannen utmerker seg med eit servicenivå utover det som er vanleg i bransjen. Ho stiller opp for butikken utover normal arbeidstid når dette krevst for å få til gode løysingar og at bygda får eit best muleg tilbod.

- Prisvinnar er godt likt i bygda og har gjennom sin innsats skapt høg kundelojalitet til butikken. I eit avgrensa kundegrunnlag har dette vore avgjerande for at butikken kan overleve, seier juryen.

Fortun-bygda på si side framhevar seg med stort engasjement og har over tid bygd opp fleire anlegg og tilleggstenester rundt butikken.

Dette er til stor glede

Coop byggjer no minikafé som er venta å vere ferdig i juli månad.

Anne Sandvik Steig fortel at dei vil prøve seg fram i sommar på opningstider og meny, og at dei vil bruke lokal mat. – Lokalet vil me også bruke på kveldstid og helg til ulike aktivitetar. Anne oppfordrar til å melde inn ynske om aktivitet.



IMPONERT:
Dagleg leiar Helge Schei i Merkur-programmet er imponert over innsatsen og engasjementet til kjøpmann Anne Sandvik Steig ved Coop Nærkjøp Fortun i Sogn.

og har skapt eit sosialt miljø som har positive ringverknader i bygda med omsyn til bulyst og trivsel. Dette er igjen med på skape stoppeffekt på turistar og andre vegfarande som tek ein stopp og dermed skapar meiomsetnad.

- Engasjementet i bygda er også skapt i eit samspel mellom kjøpmannen og bygda og slik har kjøpmannen vore ei viktig brikke for å få utvikla tilboda og engasjementet, seier juryen.

Viktig møteplass
Anne Sandvik Steig er løysings- og utviklingsorientert og er gjerne først ute med å prøve ut nye løysingar og kommunikasjonsformer. Det er siølv sagt at butikken har

dialog med kundane på eiga Facebookside og legg ut tilbod og aktivitetar der i tillegg til informasjon i butikken. Prisvinnaren er aktiv og skapar liv med grillfest og andre typar arrangement gjennom året. I den vesle kaffikroken er det alltid kaffi og her samlast kundane til ein hyggjeleg prat. Slik har prisvinnar utvikla butikken til å vere ein viktig samlingsstad for bygdefolket og har skapt trivsel og bulyst i bygda.

No er kaffikroken for liten, og saman med gode krefter i bygda har prisvinnar gått i bresjen for å få utvida butikklokalet slik at bygdefolk og vegfarande kan få ein endå betre kaffikrok. Den nye mini-kafeen skal kunne leigast ut om kveldane og i helgane. Slik skal butikken også bli endå meir funksjonell som sosial møtestad gjennom heile året. Butikken har søkt og fått midlar frå Merkur til å utføre dette arbeidet.

- Det er imponerande å få gjennomført så mykje som det er skapt i og rundt butikken med dei små ressursar butikken har tilgang til, konkluderer Merkur-programmet.



Saksa frå Sogn Avis:

Startar tunnelarbeidet på Veitastrond

– Ein kvardag med ras gjer folk usikre, det er difor ei glede å starta slike prosjekt, seier Arnstein Menes.

Arnstein Menes (Sp), leiar i samferdsleutvalet, sette første spaden i jorda. No er andre steg av rassikringa på Veitastrondsvegen i gang.

– Dette er ein flott dag, ikkje minst for innbyggjarane på Veitastrond. Ein kvardag med ras gjer folk usikre, det er difor ei glede å starte slike prosjekt, sa Arnstein Menes under markeringa måndag 26. mai.

Tunnel og fangvoll

Tre veker etter at Statens vegvesen signerte kontrakt med tsjekkiske Metrostav og Havnen Anlegg er arbeidet med



skredsikringa av fylkesveg 337 Veitastrondsvegen no i gong.

Dette er andre etappe i arbeidet med å gjera vegen til Veitastrond tryggare. Første del, bygginga av ein kombinert lede- og fangvoll ved Buskreda stod ferdig hausten 2013.

Delen ein no har starta på inneheld sikring av to punkt. Ved Bjødnabakkane skal det byggast ein 1.565 meter lang tunnel. Ved Lindeskreda vert vegen flytta ut på ei fylling i Veitastrondsvatnet, og ein fangvoll vert bygd opp som sikring av vegen mot Lindeskreda.

Avgjerande

– Dette er eit prosjekt som har vore jobba med dei siste tjue åra, og er viktig, ja nesten avgjerande, for bygda Veitastrond. Når prosjektet står ferdig vil dette bli ein mykje tryggare skule- og pendlarveg, seier ordførar Ivar Kvalen.

Det første som vil skje i området er sprenging og sikring av bergveggen i tunnelforskjeringa på nordenden av anlegget, ved Kjenganeset. Entreprenøren tek sikte på å starte tunneldrivinga



1.juli, melder vegvesenet. Ved Lindeskreda må ein høgspunktabel leggast om, og deretter startar arbeidet med fyllinga i vatnet. All tunnelmassen skal nyttast på anlegget, anten i rasvollen eller i fyllinga.

– I samband med sprenginga av forskjeringa vil det bli nødvendig med stenging av vegen, men vi vil få faste sprengingstidspunkt og ta omsyn til skuleskyss. Arbeidet med forskjeringa vil vare i om lag ti veker, seier Stein Dyngen, prosjektleiar i Statens vegvesen.

Pause i seks månader

På grunn av skredfaren vil det ikkje vere drift på anlegget i seks månader, frå desember og ut mai. Prosjektet skal stå ferdig i 2016.



Fairtrade, rettferdig handel

Luster har vore Fairtrade-kommune i fleire år no. Me er ein av 36 kommunar i landet. Vindafjord kommune er den kommunen som sist kom med.

Fairtrade-standardane sikrar betre arbeidsforhold og handelsavtalar for bønder og arbeidarar i utviklingsland, slik at dei kan investere i produksjon, lokalsamfunn og ei berekraftig framtid.

Fleire verksemder tilbyr Fairtradearvarer til kundane sine og sortimentet aukar veldig. I Luster er det også mange arbeidsplassar der dei brukar Fairtradearvarer.

På www.fairtrade.no er det mykje informasjon om produkt, kampanjar, informasjonsmateriell osv. Du kan også følgje Fairtrade på Facebook.



Tv-aksjonen går til reint vatn til ein million menneske

Søndag 19. oktober mobiliserer heile landet med bøsseberarar og godt pågangsmot for å samle inn peng til Kirkens Nødhjelp og deira arbeid med å skaffe varig tilgang til reint vatn til over ein million menneske i åtte land. Tilgang til reint vatn, tilfredsstillande sanitære forhold og kunnskap om hygiene er grunnleggande føresetnader for at enkeltmenneska kan ha eit godt, verdig liv og for samfunnsutvikling. Årets aksjon heiter difor «Vatn forandrar alt».

I Luster er følgjande valde i komiteen som organiserer arbeidet her lokalt. Lykke til med arbeidet.

Geir Arve Sandvik, leiar

Anders Bolstad, Skjolden

Gudleik Hovland, Luster

Arne Bondevik, Høyheimsvik

Hege Urnes, Indre Hafslo

Hilde Lerum, Sørheim

Svein Norberg, Jostedal

John Havellen, Gaupne

Jan Magne Søhoel, Luster Sparebank

Mona Mossestad, Solvorn

Thomas Urnes, Fortun

Åshild Hilleren, Veitastrond

Sigfrid Ahlin, Hafslo

Asborg Leirdal Kjærvik, Gaupne

Me oppfordrar alle til å støtte TV-aksjonen.



Nye bustader i Gaupne

Gjennom Stiftinga Luster Utleigebustader vert det planlagt nye bustader på tomta ved sidan av ungdomshuset i Gaupne, tidlegare Gaupne barnehage. Reguleringsplanen for arbeidet ligg ute til offentleg ettersyn med merknadsfrist 7. juli 2014. Det er venta at kommunestyret vil vedta reguleringsplanen tidleg hausten 2014.

Det er planlagt oppført to leilegheitsbygg i to etasjar med plass til 18-20 leilegheiter.

Turorienteringa 2013

Premiar til dei som har delteke på turorienteringa til Il Fanaråk, Luster II og Il Bjørn. Uttrekt på Luster lensmannskontor:

Magnhild Feten og Erlend Tandle Kroken, led hovudlykt. Camilla Bondevik og Svein Arne Haugen, tursekk. Magne Ødegård og Ole Magne Leirdal, tørrsekk/drikkeflaske. Filip Høyheim og Andrea Årøy, mikrohandduk. Stein Alme og Marte Prestegård, tursett.

Desse får gavekort på kr 250 på Sportsbui: *Inga Reidun Sjøthun, Jan Magne Svåi, Paul Martin Holvik, Malene Leivdal Tandle, Ole A. Ødegård, Johannes Solheim, Kolbein Eide Bukve, Steinar Molland, Emilie Alme Ormberg, Elen Kristine S. Otterhjell.*

Premiar, gavekort og medaljar for turorienteringa 2013-sesongen kan no hentast på Joker-butikken i Luster (kursiv skrift) og hjå Luster Radio TV Service på Pyramiden. På desse stadene kan du og kjøpe skjema for 2014-sesongen.



Flatningane


S1 Sognefjordvegen

Mange plassar i Luster kommune vil du no sjå grøne turskilt der det står til dømes «S1 Hagali 2 km» eller «S1 Hafslo 3 km». S1 er forkortinga for Sognefjordvegen og betyr at denne strekninga er ein del av Sognefjordvegen som knyter bygdene saman med turstiar.

I sommar står Sognefjordvegen klar, ein turveg frå Hella til Sognefjellet. Som ein del av Folkehelse og førebyggjande helsearbeid i Sogn (samarbeidsprosjekt mellom kommunane Leikanger, Sogndal og Luster), vart det vinteren 2013 sett i gang eit prosjekt med namn *Sognefjordvegen*. Kort fortalt går prosjektet ut på å få ein samanhengande turveg frå Hella i Leikanger og austover til kommunegrensa Lom på

Sognefjellet. Dette let seg gjera ved å nytte eksisterande turstiar og gamle ferdssvegar. I dei ulike bygdene i Luster kommune er det mange frivillige lag og organisasjonar som legg ned ein betydeleg innsats i

arbeid med rydding, merking, og skilting av turstiar, samt ein avgjerande kontakt med grunneigarar. Sidan 2010 har også naturarvprosjektet *Mellom fjell, fjord og folk* støtta opp under dette arbeidet. Summen



Vegen opp til Børrestinen.



av alle desse gode kretene har gjort S1 Sognefjordvegen mogleg å realisere.


Frå Sogndal går S1 Sognefjordvegen via Helgasete og ned til Solvorn. Deretter går den opp den gamle vegen til Hafslo og vidare via den gamle riksvegen på Indre Hafslo, til Marifjøra og Gaupne. Frå Gaupne går vegen opp til Engjadalen, Flatningane og Røssesete via Stordalen. Frå Røssesete følgjer ein vegen ned til Harastølen før ein tek av på sti til Bringe og følgjer bygdevegen ned til Luster.

Frå Luster går ein opp til Berge og vidare opp til Børresteinen og heilt opp til Kinnfokfjellet på 1406 moh. Her har ein stor slått utsikt over Sognefjorden, Hurrungane, Breheimen og Jostedalsbreen for å nemne noko. Vidare kan ein gå til Haugsnosi og kikke rett ned i Skjolden. So går vegen til Gurosete før ein følgjer flott sti via Persli og Hagali ned til Skjolden. Frå Skjolden til Fortun går Sognefjordvegen på den nye gangvegen som kjem ifrå Cruisekaien til Eidsvatnet. Vidare går ein inn

Haugsnosi.

til Vassbakken og Fortun. Frå Fortun går vegen opp til fabelaktige Fuglesteg og vidare opp til Berdalsstølen og Årdalsvegen som ein følgjer inn til Turtagrø. Frå Turtagrø vil det i løpet av sommaren bli merka ein trase nordvest for Sognefjellsvegen og fram til Sognefjellshytta i Lom kommune.

Om du går inn på www.ut.no vil du også få fram dei ulike strekningane som turforslag. Desse er også tilgjengelig på mobilapplikasjonen til UT.no som er tilgjengeleg i appstore. Når du ha lasta ned applikasjonen til telefonen din, kan du velje turar i nærleiken der S1 vil vere eit av mange gode alternativ. Du vil også finne meir informasjon om prosjektet på bloggen www.ffhis.blogspot.no. På Instagram vil du finne fleire bilete ifrå ulike plassar langs S1 Sognefjordvegen under emneknaggen #sognefjordvegen. Sjå også oversiktsbilde av ruta og kart over S1 Sognefjordvegen i Luster kommune.



Oversiktskart S1 Sognefjordvegen.



Bygdelaga har gjort ein stor innsats til glede for turfolk i kommunen. Biletet er i frå Heljedalsnosi.



Kunstreisa Landskap i Luster kan ein bruke og vidareutvikle også etter at prosjektet er avslutta. Foto: Torkjel Solbraa.

Naturarvprosjektet vert avslutta

Naturarvprosjektet «Mellom fjell, fjord og folk» går inn i sin siste månad. Prosjektet starta opp hausten 2010 og vert avslutta 31. juli 2014. Det har vore breie mål i prosjektet, og mange av måla må seiast å vere nådd. No vert det opp til lokale og offentlege aktørar å ivareta og vidareutvikle arbeidet slik at den langsiktige verknaden vert størst mogeleg. Prosjektleiar Torkjel Solbraa takkar for godt samarbeid i prosjektperioden og gir dykk her ein kort oppsummering av mål og nokre resultat, samt eit knippe bilete frå prosjektperioden.

Kunnskap

Mål

Naturarvprosjektet skal skape læringsarenaer om natur- og kulturverdiane for næringsaktørar, lokalbefolkninga, grunnskulen og turistar.



Resultat

Me har...

- ... forma ein læringsarena for reiselivet gjennom bygdevertskurs og regionalt vertskapskurs.
- ... finansiert eit læringshefte om born og naturarven - tradisjonskunnskap i undervisninga. Erfaringar frå Skjolden vert no tilgjengeleg for skular i heile landet.
- ... kartlagt og verdisett alle friluftslivsområda i Luster til nytte for private og offentlege aktørar.
- ... skapt eit ope natur- og kulturbasert kunnskapstilbod gjennom rundreisa «Landskap i Luster – ei kunstreise».



Knut Myking ser etter rutealternativ for Sognefjordvegen S1 på Børesteinen.

Delegasjon frå Luster på studietur til Sveits for å lære om vandreturisme i 2011.



Luster turlag syner stor dugnadsinnsats. Alle husstandar i Luster fekk turkartmappa for Luster som gav til jul.



Mykje glede då elevar frå Gaupne og Jostedalen opna sin eigen naturfotoutstilling på Turtagrø i lag med ordføraren.

Infrastruktur

Mål

Naturarvprosjektet skal gjennomføre stadeigne og overordna strukturtiltak for å betre fritidstilbod og auke lønnsemda i reiselivet.

Resultat

Prosjektet har finansiert...

- Klatrejungel i Krukla, Fortun.
- Grillhytte i Krukla, Fortun.
- Turveg gjennom Krukla, Fortun.
- Rastepllassar på Veitastrand.
- Merking/skilting av 70 vandreturuar i kommunen.
- Publisering av turar på visitsognefjord.no.
- Turkart for Luster kommune.
- Publisering av turar på ut.no (ferdig 2014).
- Turinfotavler i bygdene (ferdig 2014).
- Parkering på Vassbakken (ferdig 2014).
- Sti til Åsafossen (ferdig 2014).
- Sognefjordvegen S1 (ferdig 2014).
- Tursti mellom Skjolden og Fortun (ferdig etter prosjektslutt).
- Klatrejungel ved Breheimsenteret (ferdig etter prosjektslutt).
- Dagsturhytte på Molden (ferdig etter prosjektslutt).

Tematurisme

Mål

Skape nettverk for utviklingsarbeid og/eller merkevarebygging innan natur- og kulturbasert næring.

Sherpaer hjå Geirr Vetti har bygd sti til Åsafossen. Dette er ei oppleving både turistar og lokale kan glede seg over i framtida.

Resultat

Me har...

- ... finansiert film om dei naturbaserte aktivitetane knytt til Jostedal Signatur.
- ... finansiert visningsarrangement for Jostedal Signatur.
- ... finansiert marknadsundersøking for Jostedal Signatur (ferdig 2014).
- ... skapt ein raud tråd gjennom natur- og kulturlandskapet i Luster med rundresa «Landskap i Luster – ei kunstreise».





Hesteskårane blir restaurert. Nye materialar vert skøytt inn der det gamalt er rote. Ansvarleg snikkar Vidar Aasen sjekkar stabiliteten.

Luster sogelag

Luster sogelag er det yngste av dei tre sogelaga i kommunen. Sogelaga arbeider i hovudsak innafor dei gamle kommunegrensene, men samarbeider og har felles prosjekt og arrangement der det er naturleg. Årboka er t.d. eit av dei, namnsetjing og vegadresser eit anna.

Årsmeldinga syner at laget har bra aktivitet. Dei historiske vandringane med kjentmann er turar som har godt oppmøte.

Gamle foto er stadig ei kjelde til illustrasjonar og interessante

diskusjonar. Bilete som dukkar opp i øskjer og album fortel historie og utvikling betre enn noko anna. Dette er svært verdifullt for ettertida.

Luster har hatt fleire dugande fotografar som har vore flittige med kamera.

Om nokon set med fotografi og ikkje veit kva ein skal gjera med det, så kanskje er det ein ide å lata sogelaget overta. Medlemer i laget kan vera til hjelp. Dei har etterkvart fått erfaring etter å ha sett og identifisert ein heil del gamle foto.

Når det vert presenterte digitalt eller på annan måte, får fleire

høve til å kommentera og gje opplysningar. For kvar dag som går blir det vanskelegare å finna folk som kan fortelja.

Hestaskårane. Største satsinga til sogelaget i Luster er arbeidet med å rusta opp Hestaskårane. Mykje usynleg arbeid av ymse slag er gjort. Stovehuset har prioritet og er skrudd saman og retta opp, nye deler felt inn der det var nødvendig. Vindauge og kjökendør er klare til å setjast inn.

Av inventar har me fått ein heil del. Det som trengst i tillegg, er eit lite framskåp, eit klaffebord

Vandreturar i Luster på UT.NO

Frå i sommar finn de eit stor utval vandreturar i Luster på ut.no. Det er dugnadsarbeidet til eldsjeler i kommunen som no vert tilgjengeleg for alle via nettportalen til NRK og DNT. Med enkle grep kan du finne turar som høver for nettopp deg! Det er mogeleg å søkje etter konkrete turar eller søke etter turar som ligg i nærleiken av der du er. Ut.no har fått nytt design frå i sommar. Det skal såleis vere lettare å nytte seg av tilbodet via pc, nettbrett og mobiltelefon. Så no har du ingen unnskyldning lenger, kom deg ut i den fine naturen vår!

Eksempel på turinformasjon frå Ut.no.



På historiske vegar med Luster sogelag

Bli med på vandring:

16. juli: Sognefjellet, Galgeberg og gamal veg om Juvatnet. Møtestad Coop Fortun kl 18.00, for samkøyring vidare, oppfylling av bilar. Kjentmann: Kjartan Kvien.

30. juli: Røytehollet opp. Møtestad ved Joranger kyrkje kl 18.00 for samkøyring vidare, oppfylling av bilar. Kjentmenn: Haldis Tørvi, Ingolf og Torodd Joranger.

13. august: Ottadn/Ottum. Gamlevegen og gjennom klyngetunet. Oppmøte kl. 18.00, Parkeringsplass i Vikji. Kjentmann: Tomas Nygård.

27. august: Råum. Møtestad Coop Gaupne kl. 18.00 for samkøyring vidare, oppfylling av bilar. Kjentmann: Svein Nybø.

10. september: Stolstur Dokki – Flatningadn – Jessingadn. Møtestad: Coop Fortun kl 18.00 for samkøyring vidare, oppfylling av bilar. Kjentmenn: Jenny og Jakob Flaten, Solveig Stokkenes.

og ein langbenk (helst slagbenk).

Når husa etterkvart blir brukande, skal både undervisning og turisme ha nytte av det. Hellerullinga gav godt resultat, takka vere gåver og dugnadsarbeid! Hjartans takk så langt! Hellene skal på taket no i vår, og så kan stovehuset brukast slik planen var.

I august arrangerte sogelaget ein kveld på Fjordstova der seniorrådgjevar hjå riksantikvaren Kjell Andresen, hadde eit interessant lysbildeforedrag om -Skifer og helletekking i Noreg. I lag med tretti andre interesserte, møtte også fleire handverkarar.

Nye glaskarmar, laga av Kristian Dalehaug, er måla med dugnadshjelp. På biletet: Kristian Dalehaug t.h. og Gudleik Hovland.



Frå Luster sogelag sin tur til Kinsedalen 26. mai. Foto: Berit Heltnæ.

Bilete frå ein tidlegare tur. Opp Kolstadberget i Dalsdalen.
Foto: M. Feten.



Filmen som museet har teke opp frå hellebroet i Dalsdalen vart også synt.

Årsmøtet 2014 var på Gaupnetunet i februar, der temaet var ein fotoserie med 50 års utvikling i kommunenesenteret Gaupne, som Leiv Bollingberg dokumenterte godt. Odd Helmer Handeland hadde

i tillegg ein biletserie frå nærmiljøet om -Hus etter vegen-.

Styret for 2014: Leiar Geirr Vetti, skrivar Bjørg Hovland, kasserar Hans Vigdal Bringebøen, styremedlemer Kjell Einar Ormberg og Trygve Lerum.





Mange hadde teke turen til Skåri for å sjå og oppleva det som mange samanliknar med eit «under». Sigfrid Myklebust orienterte dei frammøtte både om historia til Skåri og aktiviteten som har resultert i det mangfoldet av bygningar som møtte oss.



Kjell Einar Ormberg spelar på mange strenger, og i Skåri hadde han teke på seg å læra opp «drengene» til å hesja på gamlemåten. Rapportane fortel at han lukkast, og at høyet vart turt på rekordtid...

Kulturdagane på Skjolden

Mange tilreisande til Skjolden og Kulturdagane 2014 hadde fokus på Veteranbilløpet og kåseriet

til Ingvar Ssviggum, kjend som direktør i Ford Europa.



Ein engasjert Ingvar Ssviggum tok føre seg «Ford»-bilen si historie på ein engasjerande og interessant måte. Her vert han takka av Per Arvid Hauge.



Trangt skal det vera, sa Svein Øygard i det han trilla bilen sin over gamlebrua på Skjolden.




Barnekoret «Snikkelora» med korleiar Wenche Weka vart tildelt «Kulturdaganeprisen» for 2014. Turid Øiene stod for tildelinga.

Det skjer på sørsida av Lustrafjorden i sommar!



Frå eit tidlegare olsok-arrangement.



Langs den romantiske vegen mellom Skjolden og Kinsedal kan ein m.a. få med seg følgjande i sommar:

- Tidleg Olsokfeiring på stølen Kveken over Kinsedalen, søndag 20. juli, frå kl. 14.00. Sal av speketallerken med godt tilbehør! NB: påmelding til Synnøve innan 17. juli, tlf: 95732382.
- Olsokgudsteneste i Urnes stavkyrkje, 27. juli kl. 16.00.
- Handarbeidsklubb på Fjordatunet annakvar onsdag: 25. juni, 9. juli, 23. juli osb., frå kl. 18.00.
- Sørsidedagen, 3. august. Etter nokre år med opphold satsar me igjen på ein sørsidedag der du kan oppleva mangt og mykje på ein dag! Detaljert program vert annonserett etter kvart!
- Gudsteneste i Urnes stavkyrkje 10. august, kl. 11.00.
- Det er mange fine turmulegheiter i området, både for dei spreke og dei litt mindre spreke.
- Lerum Saftmuseum kan besøkjast ved førehandstinging til Astrid Lerum, tlf. 90137302.
- Urnes Gardskafe er open kvar dag til ut august, kl. 10.30-17.30.
- Ein kan besøkja Urnes Hjortefarm ved førehandstinging til Marianne, tlf. 91532784.
- Urnes stavkyrkje er open for omvising kvar dag i sommarsesongen, kl. 10.30 – 17.45.
- I Kroken kan du besøkja det gamle postkontoret ved Vetele-Kroken, og det vesle fruktpakkeri-museet ved Fjordatunet. Posthuset er alltid ope. Kvar fredag er museet ope, og Valborg Heløy er parat til omvising kl. 12-14. Ring tlf. 90919040 for å avtale andre dagar.

Lustramarknaden

Næringsseminaret (10.6) hadde i år fokus på «kunsten å skape ein attraktiv arbeidsplass». Aud Inger Siviggum representerte Adecco, og delte erfaringar med dei frammøtte.



Avslutningskonserten på marknadsdagen vart framført av f.v.: Audun Moseng, Fedor Duhrmann og Inge Ronny Kvåle.



Ei kunstreise i Luster handlar både om kunstnarar, landskap og nasjonalromantikk. Nils Messel fra Nasjonalgalleriet presenterte dei viktigaste kunstnarane som vitja Luster i tida 1820-1850, og publikum fekk eit spennande møte med kjende og mindre kjende motiv og målarstykke.



Rodolfo Nava er vide kjent også utanfor Noreg sine grenser, og kvitterte med ein stor solo-prestasjon under Lustramarknaden 2014.





Roland Johansson (piano og orgel) og Hans Holgersson (cello) stod for ein flott klassisk konsert i Gaupne kyrkje med musikk frå tidsperioden rundt 1814.



Skjolden Gamaldans-orkester starta underhaldninga på marknadsdagen.



Bergstoms Tivoli skapte liv og stemning på Lustramarknaden



Lustraløpet er også ei tradisjonell tilskiping i Kulturveka i Luster. I år vart den gjeldande løyperekorden til Rune Opheim slegen «i støvlane» av etioparen Mulugeta (frå Bergen asylmottak). Den nye rekorden lyder på 30min. 38 sek. På biletet prøver Sondre Teige Lillebostad å halde fylge.



Miniputt-turneringa på søndag 15.6. markerte avslutninga på Lustramarknaden 2014, ... og den som måtte lure på om keeperen redda så er svaret... Yess!!!

Olsokmarknaden i Fortun



Helga 26. og 27. juli arrangerer Fortun bygdelag årets olsokmarknad!

Det vert tradisjonell olsokmarknad med sal av ei rekke varer, frå frukt og grønt, til husflid, antikvitetar og kunst. I år vil det også vera loppemarknad, der det er mogleg å gjera eit kupp. Du kan kjøpa grillmat, kaffi og kaker begge dagane. Laurdag vil det i tillegg vera sal av rømmegraut.

I tillegg vil det som vanleg vera ein del aktivitetar du kan delta på. Annemor stiller med Lykkehjul. Det har pleidd å vera ein stor suksess blant dei yngste. Nytt i år er at Gry Tokvam kjem for å ha Fiskesprell. Dette er ein mataktivitet for dei minste, der dei får testa sansane sine. 4H kjem til å ha aktivitetar

for dei små i klatrejungelen. I tillegg kjem 4H garden i Haugen til å ha med nokre av dyra sine, som det vert mogleg å helse på. For dei som ønskjer å utvikla husflidskunnskapen sin, vil Marit Elvekrok ha kurs i neverfletting.

Laurdag kveld vil Jonas Nyløy Navarsete halde konsert i Fortun kyrkje. Han vart kjent for mange for coverlåtane han gjorde a capella og la ut på Youtube. Konsertrepertoaret i Fortun denne kvelden blir allsidig, med innslag frå klassisk til låtar frå musikalar. Med seg har han Diccon Pearce på piano. Kvelden vert avslutta med quiz på Fortun Turiststasjon. Søndagen startar med

friluftsgudsteneste på Fortun gamle kyrkjegard. Tradisjon tru, blir det og lagt opp til fjelltur til Fuglesteg søndagen. Luster turlag har omvising på den populære høgdegarden, der dei fortel litt om historia til plassen. Marknaden vil sjølv sagt også fortsette på søndagen.

Me har noko for ein kvar smak på programmet, og kanskje dukkar det opp nokre overraskinger i løpet av helga. Me håpar mange finn vegen til Fortun denne helga.

Det er ingen minibank i Fortun, så ta med kontantar!



Turistinformasjon i biblioteket i sommar

Hovudbiblioteket i Gaupne har overteke driftsansvaret for turistinformasjonen fra mai 2014. Samarbeidsordninga gjev bibliotekbrukarane utvida tilgang til biblioteket i sommarsesongen. Tidlegare om somrane har det vore vanleg med reduserte opningstider, no blir dei i staden utvida frå 10.juni:

Det er tilgang til trådlaust internett i og utanfor biblioteket. Det er også to stasjonære pc'ar til bruk for publikum.

På grunn av transportordninga som er mellom norske bibliotek, har norske ferierande høve til å låne med seg bøker og anna materiale i eit bibliotek og levere i eit anna. Denne ordninga er felles for alle bibliotek i landet.

Opningstider turistinformasjonen:

Tidsrommet 10. juni – 23. august

Måndag – fredag: kl. 10.00 -17.00.

Laurdag: kl. 10.00 – 14.00.

Telefon:

Turistinformasjon Gaupne: Biblioteket i Pyramiden senter (+47) 57 68 56 52.

Turistinformasjon Jostedal: (+47) 99 23 15 00. Opningstid kl.09.00 – 17.00.

Turistinformasjon Skjolden: (+47) 99 23 15 00.



*Hjarteleg
takk*



Hjarteleg takk for minnegåve me fekk til Gaupne eldresenter i høve
Trygve Svåi
si gravferd.

Helsing Luster heimeteneste
Tone Kjærvik Kveane
Leiar

*

Hjarteleg takk for minnegåva me fekk i høve
Tormod Vigdal, Johannes Leidal og Erling Solstad
si gravferd.

Helsing
Luster sjukeheimsteneste avd. Gaupne
Henriette Sandvik
Avdelingsleiar

*

Hjarteleg takk for minnegåva me fekk i høve
Ragnar Kjærvik
si gravferd.

Helsing
Luster sjukeheimsteneste avd. Luster
Liv Norunn Hunshamar
Avdelingsleiar



Endra opningstider ved NAV Luster

NAV Luster endrar opningstidene fra 26.05.14.

Måndag og tysdag
kl. 09.00 – 15.00.

Onsdag stengt for mottaksfunksjon – vi er å treffe på telefon 55 55 33 33

Torsdag og fredag
kl. 09.00 – 15.00.

LISTRABADET

Opningstider 2014

Opningstider fra 18. august 2014:

Måndagar: 15.00-20.30

Tysdagar: Grupper

Onsdagar: 06.30-09.00 og 13.30-20.30.

Morgonbading frå veke 40.

Torsdagar: 15.00-20.30

Fredagar: 06.30-09.00 og 13.30-20.30

Laurdagar: 10.00-17.00

Søndagar: 10.00-17.00

Sjå nettsida www.listrabadet.no for opningstider i vinterferien, påske og sommarferie.



Offentleg bading

Badebassenga i Luster har desse opningsidene:

FJORDSTOVA, SKJOLDEN • tlf. 57 68 67 44

Sommaropning 21. juni – 10. august:

Alle dagar kl. 11.00 – 19.00.

JOSTEDAL SAMFUNNSHUS • tlf. 57 68 59 68 / 69

Sjå oppslag og www.luster.kommune.no

Bibliotek

HOVUDBIBLIOTEK

GAUPNE tlf. 57 68 56 53

Måndag stengt

Tysdag 10.00-16.00

Onsdag 10.00-16.00

Torsdag 10.00-18.00

Fredag 10.00-16.00

Laurdag 11.00-14.00

HAFSLO tlf. 57 68 23 33

Måndag: 09.00 - 16.00

Tysdag: 09.00 - 15.00

Onsdag: 09.00 – 13.00

SKJOLDEN

tlf. 976 51 922

Sjå

www.luster.kommune.no

VEITASTROND

Måndag: 13.30-15.30

Sommaropning: Sjå inne i bladet.

Returadresse:
Luster kommune,
N-6868 Gaupne, Noreg/Norway



**Følg Luster kommune
på facebook**

LUSTRAnytt

Nr. 1 - 2014

Opplag: 4.500. Vert distribuert gratis til alle husstandar i Luster kommune og til abonnentar utanfor kommunen. Magasinet vert også sendt til alle avdelingar på Lærdal sjukehus og Sentralsjukhuset Førde. Redaksjonen for dette nummeret vart avslutta 17. juni 2014.

Ansvarleg redaktør: Rådmann Jarle Skartun
Redaksjonen er lagt til Servicetorget
v/leiar Anita Bjork Ruud.

Alle tenesteeiningar har informasjonsansvar, og er bidragsytarar til redaksjonen.

Tilbakemeldingar, tips osv. kan gjevast til nemnde adresser.

Redaksjonen si adresse:
Luster kommune, Lustraanytt, Rådhuset, 6868 Gaupne.
Tlf. 57 68 55 00 Faks: 57 68 55 01
E-post: postmottak@luster.kommune.no
Layout/trykk: Ingvald Husabø Prenteverk as.
Tlf. 57 65 60 05

Framsidefoto: På sørsida kan du ta mange, fine turar.
Her er utsikten frå Tausasva. Foto: Randi Bugge.

Viktige telefonnummer

Helsecenteret/Lege i kontortida

Tlf. 57 68 56 00

Sentralbordet i servicetorget på rådhuset er også sentralbord for kontora på helsecenteret med unnatak for legane, dvs. for fysioterapi, ergoterapi, jordmor, helsestasjonen og psykiatrisk helse.

LEGEVAKT

- snarleg hjelpe utanom kontortida

Tlf. 57 68 15 55

TANNLEGEN i Nesgården

Tlf. 57 65 63 90

KOMMUNALTEKN. BEREDSKAP

Mob. 48 10 21 20

(Veg/vatn/kloakk).

NAV Luster

Tlf. 55 55 33 33

Andre viktige telefonnr.:

Melding om brann

Tlf. 110

Vakthavande brannbefal

Mob.: 41 65 94 40

Politi/Lensmann

Tlf. 112